

Sjå Jæren

Årbok for Jærmuseet 2019

JÆRMUSEET 2019

ISSN 0802-6378

ISBN 978-82-90929-47-8

31. årgang

Redaksjon: Per Inge Bøe, Inger Smidt Olsen, Ranveig Tunheim, Målfrid Grimstvedt, Målfrid Snørteland, Aina Jenseg Fiskå, Ørjan Zazzera Johansen

Design: Unniform

Grafisk produksjon: Gunnarshaug Trykkeri AS, Stavanger

Illustrasjoner i boka:

Framside: Far og son, begge Arne Thorvaldsen, i F-16. Foto: Ukjend, *Jærmuseet.

Sauen Månestråle frå albumet *Livet i heie 2016*. Foto: Inghild Sundstø Myklebust/Sigmund Skjæveland, * Jærmuseet.

Vase frå Gann Graveren. Foto: Elisabeth Tungland, *Jærmuseet.

Ei stranda drivmine. Foto: Ukjend, *Hå folkebibliotek.

Bakside: Barn som kikkar inn vindauge i Knudaheihaugen. Foto: Ukjend,*Nasjonalfolkebiblioteket.

Åtte-skilling utstedt på garden Orstad i Klepp i 1810. Foto: Hå bygdemuseum, *Jærmuseet.

* tyder kjelde for illustrasjonane.

Når kjelde ikkje er oppgjeven, er biletet frå fotografen.

Takk til dei som har lånt oss illustrasjonar og foto.

Innhald:

- 4 Forord
- 6 Sauen, gjetaren og hunden
MADLI HJERMANN OG MÅLFRID GRIMSTVEDT
- 28 Krigsminne frå Ogna, Brusand og Øvra Bygdå
OTTO LAURITS FUGLESTAD
- 44 Realistiske utopiar
EVEN SMITH WERGELAND
- 60 Fine former og frisk dekor
INGER SMIDT OLSEN OG PER INGE BØE
- 80 Minnestaden – gruppebilde frå Knudaheio
INGER UNDHHEIM
- 96 Oppdrag: smia på Audamotland
ODD-GEIR ROSLAND
- 112 Smiene på Motland og Audamotland
MÅLFRID GRIMSTVEDT
- 118 Hulda Garborgs litterære skandale
ØRJAN ZAZZERA JOHANSEN
- 136 Arne Thorvaldsen og hans bemerkelsesverdige karriere
SONDRE B. HVAM
- 156 Åtte-skillingen – en numismatisk godbit
MÅLFRID GRIMSTVEDT
- 168 Forfattaromtalar
- 170 Annonsar

Forord

Den 31. utgåva av *Sjå Jæren*, som du nå held mellom hendene, har ni artiklar og er hovudsakleg skriven av tilsette i Jærmuseet. Unnataka er Madli Hjermann, Otto Laurits Fuglestad og Even Smith Wergeland. Storleverandør i år er museets mangeårige sjefskonservator Målfrid Grimstvedt. Ho har i år skrive heile tre artiklar, to åleine og ein saman med Hjermann. Ho skreiv sin første *Sjå Jæren*-artikkel allereie i 1989, i Jærmuseet si aller første årbok. Sidan har ho skrive meir enn 20 artiklar, åleine eller saman med andre, og har vore ein kontinuitetsberar i årbokssamanheng og for Jærmuseet som heilskap. Også Inger Smidt Olsen, som i år er medforfattar på ein artikkel, har vore med lenge. Ho skreiv sitt første bidrag til årboka i 1998. Nå har både Grimstvedt og Smidt Olsen vald å trappa ned,

men me håpar å få høyra meir frå dei likevel!

Sauen, gjetaren og hunden av Grimstvedt og Madli Hjermann presenterer noko som er del av eit større prosjekt om sauene som er på sommarbeite i fjellet. Fotoarkivar Madli Hjermann har samla inn digitale foto som sauefolk tar sjølve, både frå Facebook og mobiltelefon. Dette er på mange måtar eit nybrotsarbeid. Korleis skal musea samla dagens digitale foto? Har sauefolket eit anna blikk enn det vår eigen fotograf fangar?

Otto Laurits Fuglestad var berre seks år då andre verdskriken var over, men har i *Krigsminne frå Ogna, Brusand og Øvra Bygdå* skrive om kvarldagen i okkupasjonstida, med fokus på området han vaks opp i.

Even Smith Wergeland er arkitekturhistorikar og har forska i Jæren si planhistorie. I *Realistiske utopiar*

har han sett på regionalplanutviklinga for Jæren, kva det blei noko av og idear som i dag er gløymde.

Inger Smidt Olsen og Per Inge Bøe har tatt føre seg ei flott gåve som Jærmuseet fekk av Torbjørn Sægrov i Sandnes. *Fine former og frisk dekor* tar føre seg lokalprodusert keramikk.

Inger Undheim har grave i Knudaheio si historie og funne fram nokre flotte bilde av korleis Arne Garborg si skrivestove er blitt brukt under og etter diktaren si tid i *Minnestad*.

Målfrid Grimstvedt og Odd-Geir Rosland har skrive kvar sin artikkel om dei gamle smiene på Motland og Audamotland. Grimstvedt har sett på det historiske i *Smiene på Motland og Audamotland* medan Rosland har beretta om arbeidet med å restaurera ei slik smie

i *Oppdrag: Smia på Audamotland*.

I artikkelen *Hulda Garborgs litterære skandale* har Ørjan Zazzera Johansen sett nærmare på kva som utspelte seg på Nationaltheateret i 1904 og korleis forfattaren Hulda Garborg opplevde dette.

Arne Thorvaldsen og hans bemerkelsesverdige karriere er namnet på Sondre B. Hvam si beretning om ein norsk jagerflygar under den kalde krigen. Også denne historia er basert på ei gåve til Jærmuseet, denne gongen frå gilde etterkommarar.

Boka blir avrunda med Grimstvedt si forteljing om ein raritet i Jærmuseet si samling, i *Åtte-skillingen. Ein numismatisk godbit*.

Me håpar lesaren finn mange godbitar i årets bok. God lesing!



Sauen, gjetaren og hunden

Innsamling av bilde til Jærmuseets dokumentasjonsprosjekt

MADLI HJERMANN OG MÅLFRID GRIMSTVEDT

Husdyrhald med sau har gjennomgått store endringar det siste hundreåret, endringar som Jærmuseet er med på å dokumentera. Måten me gjer det på endrar seg med tida. På 1990-talet reiste me rundt med lydbandopptakar og analogt fotoapparat og samla historiar om livet i driftsheimane. I tida 2015-2018 engasjerte me filmfotograf og kunstnar som saman med museet fulgte sauebøndene både i heia og heime. I tillegg engasjerte me fotoarkivar Madli Hjermann for å samla inn digitale foto som sauefolk tar sjølve, både frå Facebook og mobiltelefon. Dette er på mange måtar eit nybrotsarbeid. I denne artikkelen skriv Madli om innsamlinga og resultatet av dette. Målfrid Grimstvedt var med både på saueprosjektet på 1990-talet og innsamlinga av digitale foto. Ho skriv den historiske delen av artikkelen.

MED SAUEN TIL HEIS

Går du på tur i fjellet om sommaren – frå jonsok til ut august – finn du sau på beite både i Sirdal og Setesdal. Etterkvart som snøen forsvinn og graset spirer følgjer sauken etter - like opp til snaufjellet. Andre held seg i ro lenger nede i liane. Spør du bøndene kvar sauene beiter, så snakkar dei om Holmvassheia, Brokkeheia i nord, Knabheia, Kviheia eller Øyestølheia i sør. Det er meir enn 30 ulike beiteheier i desse drifteheipane. Her er det langt fleire sauene enn dei saueigarane i Agderfylka har på beite. Dei sauene du treffer på i drifteheipane kjem mest sannsynleg frå Jæren og Dalane i Sør-Rogaland. I meir enn 150 år har jærbu og dalbu nyttet heiebeite og fjellbeite i Sirdal og Setesdalen. Dei siste 50 åra har det kvart år vore mellom 40 000 og 75 000 sau og lam på sommarbeite i fjellet. Mange bønder deler flokkane sine – sender nokre til fjells og har resten på heimebeite om sommaren. Andre har nå nok beite til alle sauene på garden om sommaren.

Kvifor begynte bøndene på Jæren og i Dalane å senda sauene sine til heis? Fjellbeitet har vore nyttet til både storfe og småfe i mange hundreår. Her er det godt beite i nokre korte sommarmånader. Bøndene som levde nærest desse beiteområda kunne ikkje nyttet alt. Dei dreiv stølsdrift i fjellet, men kunne ikkje skaffa vinterfôr til så mange dyr som dei hadde sommarbeite til. Mens jærsauen kunne beita ute 271 dagar i året, så var beitetida i fjell- og dalbygdene i Agderfylka berre 171 dagar, ifølgje Jordbruksstellinga i 1949. Det er ein skilnad på heile 100 dagar eller meir enn tre månader. Tilhøva var truleg omlag dei same tidlegare.

Bøndene på Jæren tok i bruk fjellbeite her på 1830-40-talet. Dyra kunne gå ute det meste av året. Men dei kunne ikkje halda fleire dyr enn dei hadde sommarbeite til. Ved å leiga beite i andre område, kunne bøndene halda fleire sauene; som i tillegg la meir på seg og fekk større lam. Dessutan viste det seg at sauene blei friskare av å gå på heiebeite enn heime på gardane.

På 1800-talet, og langt utover 1900-talet, måtte både sauene med lam og bøndene gå på eigne bein heimanfrå til sommarbeite. Det kunne ta frå 2-3 til 10-12 dagar og netter. Sauen på vandring treng mat. Dei å graset etter vegen. Då måtte grunneigarane langs vegen få erstatning. Det skapte konfliktar. Grunneigarane langs driftevegane kravde erstatning og i 1912 kom det offentleg lov om driftevegar. Då blei Søre- og Nordre drifteveg etablert for å驱iva sauene til fjells frå Dalane og Jæren til Sirdal. På same tid organiserte sauebøndene seg i Jæren Smalalag. Dei la tilrette arbeidet med drifteheipane.

Det tok tid å utvikla systemet med drifteheipane. Det er eit avgrensar heieområde der ein heiasjef tar ansvar for sauene til fleire bønder. Han avtalar beiterett og pris med grunneigarane, og organiserer flyttinga av sauene frå Jæren til heia. Gjennom sommaren fører han tilsyn med sauene, og sørger for at dei kjem heim til eigaranane på hausten. Når hovuddelen av sauene er vel heime, så manglar det alltid ein del sauene. Då er heiasjefen på farten igjen, på ettersanking. Det føregår lenge utover hausten.

Denne driftsforma med sau er unik i Noreg. Vi må til Sør-Europa for å finna liknande former for husdyrhald. På 1990-talet bad Jæren Smalalag Jærmuseet om å



Dagens heiasjef Hanne Elise Lindal har med seg far sin, Paul Undheim, når ho driv sauene inn på beite i Store Kvihei i 2016. I mange år, m.a. på 1990-talet, var Paul heiasjefen i denne heia. Foto: John Olaf Grimstvedt, *Jærmuseet.




vera med å ta vare på historiene knytt til heieføringa. Det førte til eit større dokumentasjonsarbeid. Museet intervjuja sauebønder og heiasjefar. Vi samla inn opplysningar på spørjelister, og vi dreiv samtidsdokumentasjon gjennom året 1994. Då fekk vi også tre sauebønder til å skriva dagbok, og to av dei fotograferte i tillegg livet sitt med sauene. Dette var i den analoge fotograftida, så dei fotograferte med fargedias. Museet ønska også å vera med på fotograferinga. Vi fotograferte difor sjølv det som føregjekk på den eine sauegarden, både heime og i heia. I tillegg samla vi inn private, historiske og nåtidige fotografi frå ei lang rad sauebønder. Prosjektet resulterte i boka *Med sauens til heis* i 1996, og det vart samla inn eit stort arkivmateriale i museet.

Det som på 1990-talet var samtidsdokumentasjon er i dag historie. Etter 20 år er heieføring av sau fortsatt

ein del av sauennæringa i denne delen av landet. I dag er bruken av utmarksbeite og sauehald også viktig i miljøperspektiv. Då kan ein stilla spørsmål om kvifor og korleis det har vore mogeleg å halda oppe denne tradisjonelle driftsforma? Kva er likt og kva har endra seg?

Jærmuseet sökte samarbeid med Jæren Smalalag og andre innan sauennæringa. Vi engasjerte kunstnar og fotograf Ann Helen Robberstad som saman med museet sin historikar Anne Jorun Frøyen stilte desse



Kart over drifteheiane i Agder og Rogaland i 1994. Drifteheiane har ulik organisering.
BL=Beitetlag, JS=Jæren Smalelag, Hsj=heiasjef.
BL-JS betyr ei beitelagshei som er med i Jæren Smalelag.

- 1 Brattelibetet, BL-JS
- 2 Hisdal beitetlag, BL
- 3 Holmvassheia med Ljosådalen, Hsj-JS
- 4 Suleskardheia med Hestabeteit, Hsj-JS
- 5 Brokkeheiane, Hsj-JS
- 6 Rysstadheia, Hsj-JS
- 7 Fidjelsheia, Hsj-JS
- 8 Svanes Beitetlag, BL-JS
- 9 Store Lilandsheia, BL
- 10 Austre Kvihei, BL-JS
- 11 Langeidsheia, Hsj-JS
- 12 Grauthetterbeitet, BL-JS
- 13 Grytdalsheia, BL-JS
- 14 Dyngjaneheia, BL-JS
- 15 Sannesheia, Hsj-JS
- 16 Hunnedalsheia, Hsj-JS
- 17 Fidjastølen, BL-JS
- 18 Brådland og Nordre Øystabøheia, Hsj-JS
- 19 Tveitaheia, BL-JS
- 20 Søre Skreåheia, BL-JS
- 21 Eikeskog/Måen sambeite, BL
- 22 Ritlandsheia, BL-JS
- 23 Søre Øystabøheia, BL
- 24 Øyestolsheia, BL
- 25 Jensaheia, BL
- 26 Maudalsheia, BL
- 27 Kvitalheia, BL
- 28 Brattebøheia, BL
- 29 Bjordalsheia, BL
- 30 Knabeheia, BL
- 31 Bredlandsheia (Brå beitetlag), BL
- 32 Åseralheia, Hsj

Kartgrunnlag:
Fylkesmannen i Rogaland,
Landbruksavd., 1994
og Statens Vegvesen,
Vegdirektoratet, 1996.
Teikning: Jærmuseet



Månestråle, ein av Myklebust sine sauер under ein tilsynsrunde i heia. Frå albumet «Livet i heie 2016».

Foto: Inghild Sundstø Myklebust/Sigmund Skjæveland, * Jærmuseet.

spørsmåla, og i tillegg sette dei fokus på samspelet mellom sauen, gjetaren og hunden. For å finna svar har dei gjennom åra 2015 til 2018 traska saman med heiasjefar og sauebønder innover i heiane. Dei har vore med gjennom heile saueåret – frå lysing, lemming, merking, heieføring, gjeting, sinking, skiljing, osb. Mykje er likt, men andre ting har endra seg. Til dels har kvinnene fått ei meir sentral eller likestilt rolle med mennene i næringa. Og vegn mellom heime-

garden og heia blir stadig kortare, på grunn av betre vegar og fleire vegar. Eit anna trekk er at dei har møtt mange av dei same engasjerte heiafolka i dag som på 1990-talet. Heiene held både på folk og fe.

Museet ønska også å få med perspektivet frå aktørane, sauebøndene, i dag. Så vi fekk med oss fotoarkivar Madli Hjermann i dokumentasjonsarbeidet. Ho samarbeidde med etnolog Målfrid Grimstvedt om å samla foto frå folk i sauenæringa.

I det følgjande vert dokumentasjonsprosjektet, med innsamling av bilde frå aktørane, omhandla. Først vil vi sjå på kvifor og korleis bilda vert samla inn. Deretter vil vi undersøke korleis bilda vi har samla inn samanfall med fotograferingsvaner i dag. Vi samanliknar dagens innsamling med den som blei gjort i 1994. Til slutt ser vi på Jærmuseet sitt prosjekt i lys av behovet for samtidsdokumentasjon i dagens digitale samfunn, samt på korleis bilda vert brukt og lagra i Jærmuseet.

JÆRMUSEET SI INNSAMLING AV FOTO

I tråd med tidlegare innsamling av informasjon frå aktørar i sauehald på Jæren og i Dalane, ønska Jærmuseet å samla bilde frå den same typen aktørar som for 20 år sidan. Sauebonden Asbjørn Haga frå Sandnes og Langeidsheia og heiasjefen Sigmund Skjæveland med sambuaren Inghild Sundstø Myklebust frå Bjerkeim og Øyestøl beitelag sa ja til å bli med på prosjektet. Haga og Skjæveland har lang erfaring frå sine yrke og var kjende for museet frå før.

Ved å samla inn bilde dei hadde tatt fekk museet mulehet til å ta vare på deira eigne fortellingar, slik dei sjølv ville fortelja dei. Dette håpa vi ville gi ei betre forståing for korleis det var å vera sauebonde og heiasjef i dag, framfor om museet skulle dokumentera drifta utanfrå.

Formålet med innsamlinga av bilde frå Haga og Skjæveland/Myklebust har vore å få ein god dokumentasjon av korleis det er å driva med sau og av bruk av heiene i dag. Desse bilda vil først og fremst bli nytta til intern forsking og dokumentasjon av temaet, som vil kome folk

flest til gode gjennom utstillingar og publikasjonar.

Sigmund Skjæveland var ein av tre som skrev dagbok og fotograferte for museet i 1994. Med framveksten av sosiale medium har Skjæveland tatt Facebook stadig meir aktivt i bruk. På hans Facebook-side kan ein følgja hans virke som heiasjef gjennom bilde og små tekstar. Inghild Sundstø Myklebust har tatt mange av bilda som er delt på sida. Innlegga er som ei digital dagbok og passar dermed godt som ei vidareføring av det eldre prosjektet.

Sigmund Skjæveland, Inghild Sundstø Myklebust og Asbjørn Haga har to ulike rollar. Skjæveland og Myklebust har i korte periodar budd i heia med ansvar for fleire saueflokkar på sommaren. Haga er sauebonde. I tillegg er han leiar i *Jæren Smalalag*, og han arbeider med sauehald på Norges miljø- og biovitskapelege universitet (NMBU). Felles for Skjæveland, Myklebust og Haga er ein stor interesse for sauehald og for å bruka heiene som sommarbeite.

INNSAMLING FRÅ FACEBOOK

Bilde som blir delte på sosiale medium må ein sjå i si kontekst.¹ Vi valde å ta vare på heile innlegg knytt til Skjævelands og Myklebusts virke som heiasjefar, både bilde, tekst, *likes* og kommentarar. I alt kopierte vi 416 innlegg og bilde. Dermed har museet også fått ein verdfull dokumentasjon av kommunikasjon på sosiale medium i ein tid der digital teknologi er i ferd med å endra våre sosiale relasjonar.

Dei fleste bilda er publiserte i tre album på Facebook. Vi har kopiert albuma i tillegg til å ha kopiert dei

enkelte bilda i albuma. Dermed har vi tatt vare på den konteksten bilda høyrer heime i. Vi lasta ned innlegga ved å opna bilda i sin fulle storleik med kommentarar og *likes* på sida, for så å kopiera heile innlegget. Bilda er skjermkopiar. Det betyr at sjølv om vi har fått best mogleg opplysning, er det ikkje mogleg å gjera bilda større utan synleg tap av kvalitet. Vi kunne spurt etter dei originale bildefilene i tillegg til innlegga, men i og med at formålet er å dokumentera tilværet for ein heiasjef og kommunikasjonen med andre om dette, såg vi det som viktigare å ta vare på bilda i sin kontekst enn å få store bildefiler.

Vi har valt å anonymisera personopplysningar som ikkje har relevans for prosjektets formål av omsyn til personvern. Dette kan vera namn og profilbilde. Bilde med avbilda personer har blitt behaldne sidan dei er sentrale for formålet med innsamlinga.

INNSAMLING FRÅ KAMERA OG MOBIL

Asbjørn Haga har tatt bilde frå sin kvardag som sauebonde både med digitalt spegelreflekskamera og mobiltelefon. Her valde vi to ulike innfallsvinklar. I første omgang samla vi inn bilde Haga hadde tatt med kamera igjennom omtrent eitt år. Haga hadde tatt bilde for eigen del, og utan tanke for at dei ein dag skulle bli del av vår felles kulturarv. Vi bad også om å få samle inn bilde frå 2017. Dette året visste Haga at dei bilda han tok ville bli samla inn av museet i etterkant. Formålet med dei ulike innfallsvinklane var, i tillegg til å få ein brei dokumentasjon av ein sauebonde sin kvardag, eit ønskje om å sjå om tanken på at bilda ville bli samla



Facebook-innlegg med Inghild Sundstø Myklebust og Sigmund Skjæveland i heia etter å ha funne dei siste sauene, hausten 2016.
Foto: Inghild Sundstø Myklebust/
Sigmund Skjæveland,
*Jærmuseet.



Asbjørn Haga i heia med hund og gjeterstav, sommaren 2012. Foto: Aina Gjesdal, *Jærmuseet.

inn av museet hadde innverknad på hans motivval.

I alt 165 bilde blei samla inn ved at vi reiste heim til Haga, gjekk gjennom bilda saman, noterte så mykje vi klarte om bilda og overførte kopier til ein berbar harddisk. I første innsamlingsrunde samla vi berre inn bilde tatt med kamera. Året etter, i 2017, hadde Haga

i stor grad nytta mobiltelefonen som kamera. Vi valde derfor å også kopiera mobilbilda.

Både bilda frå Haga og innlegga frå Skjæveland er registrert i museets katalogiseringsdatabase. Her får alle bilde/seriar eit unikt nummer, og vi får registrert det vi veit om bilda. Dette kan vera informasjon om kva

bilda viser, kvar dei er tekne, når, fotograf og materiale. Bilda og all tilhøyrande informasjon vil dermed alltid vera knytt saman.

Før vi ser på resultata av fotoinnsamlinga, skal vi sjå litt på endringar i fotograferingsvanar med overgangen til digitale kamera og sosiale medium.

FOTOGRAFERING, BRUK OG LAGRING AV BILDE I DAG

Overgangen til digitale kamera og sosiale medium har ført til store endringar i våre fotograferingsvanar. Talet på foto som blir tekne har auka enormt. Det same har talet på fotografar. I dag har ein stor del av befolkninga eit kamera i lomma, i form av ein smarttelefon. Både motivval og talet på bilde av kvart motiv aukar. Elisabeth Boogh og Merja Diaz frå Stockholms Läns Museum og Malmö Museer har studert overgangen til digital fotografering og konsekvensane for musea. Dei meiner skiljet mellom eit digitalt og eit analogt fotografi går ut på korleis ein bruker bildet, kvifor bildet blir tatt og korleis det blir spreidd.²


Sosiale medium er nettstader og appar som legg til rette for å skapa og dele informasjon og å delta i sosiale nettverk.³ Sosiale medium har endra måten vi kommuniserer på og korleis vi brukar fotografi. Tidligare var fotografia si rolle som minne viktigast. Minnefunksjonen er framleis viktig, men deira funksjon som kommunikasjonsmiddel kan ha overgått minnefunksjonen.⁴ Sosiale medium gjer nye moglegheiter for kommunikasjon og informasjon, og nye måtar å kommunisera på.

Facebook er verdas største sosiale plattform, og blant dei største samlingsplassane for personlege

fotografi, med over 350 millionar nye bilde kvar dag.^{5,6} Facebook er i hovudsak eit lukka/privat sosialt medium. Det ein publiserer blir berre sett av eigne venner, men venene kan vere alt frå nære venner, familie og kollegaer til folk man berre så vidt veit kven er, eller som man deler ei interesse eller rolle med. Via Facebook aukar kontakten i eit eksisterande nettverk. Her blir bilde, notat, kjensler, status og informasjon delt med det same, og alle venner har moglegheit til å kommentera på innlegg.⁷ Bilda er ein viktig del av informasjonsflyten på Facebook. Vi kommuniserer meir og meir ved hjelp av bilde, og bilde blir *lest* som berarar av ord og språk – vi har fått ein visuell kommunikasjon.

Det er både fordelar og ulemper med overgangen frå fysiske bilde lagra i bunker eller i fotoalbum til digitale bilde lagra som digitale filer på mobil, datamaskin eller i ei nettsky. Richard Chalfen meiner vi bruker bilde meir når dei er eit tastetrykk unna på mobilen, framfor plassert i ei bokhylle.⁸ Eg trur dette først og fremst gjeld dei nyaste bildene. Dei eldre digitale bildene blir usynlege i kvar-dagen og blir fort gløymde i ei nettsky eller på ein harddisk. Det er også enklare å mista dei digitale bildene om dei ikkje blir lagra forsvarleg - lagringsmedium og filformat må oppdaterast jamleg. Dei digitale bildene er så sårbarer for tap at nokre snakkar om ein *digital mørkealder*.⁹

Asbjørn Haga, Inghild Sundstø Myklebust og Sigmund Skjæveland vaks opp med analoge kamera og papirbilde i album. Det var dermed forventa at dei skulle følgja eldre fotograferingspraksis. Det er tydeleg at dei delvis følgjer ein eldre tradisjon, men også at deira fotograferingsvanar er tilpassa den digitale utviklinga.



Ein flokk med sauер på veg til heis. Sigmund Skjæveland går bak oppover fjellsida. Frå albumet «Livet i heie 2016».

Foto: Inghild Sundstø Myklebust, *Jærmuseet.

HEIASJEFEN I SOSIALE MEDIUM

Sigmund Skjæveland har delt mange fine bilde frå heialivet på Facebook. Gjennom bilda får familie og veneer frå sauemiljøet ta del i hans opplevingar. Skjæveland har ein stor venekrins på Facebook, og albuma er gjerne likt av 100-150 vene. Skjæveland virker til

å ønskja å vere ein talsperson for dei som driv med sauehald. Haldninga kan forklara den store venekrinsen, og at så mange vel å følgja innleggja hans.

Delinga av Skjæveland og Myklebust sine oppleivingar er eit viktig element i bilda og viser at dei meistrar den nye visuelle og sosiale kompetansen vi ser i sosia-

le medium. Det er mange naturbilde, hovudsakeleg av landskap, men òg nærbilde av enkelte naturelement, som planter, steinformasjoner o.l. gjennom sommarsesongen. Det er også bilde som viser korleis det er å vera i heia, med fokus på dei fine stundene, frå avslapping i sola, møte med sau, rydding av stiar og ikkje minst, speiding etter sau. Ein del av innlegga blir brukte som informasjonskanal direkte til saueeigarar, for å fortella noko om deira saueflokkar.



Fenalår og pinnekjøtt heng i gangen heime hos Haga. I bakgrunnen heng gjeterstavar.

Mobilbilde teke av Asbjørn Haga, november 2017, *Jærmuseet.

SAUEBONDEN SIN KVARDAG

Etter det vi veit har ikkje Haga delt sine bilde på sosiale medium. Bilda er tatt for eigen del, for familien og etter kvart for museet. Dei viser kvardagslege situasjonar, men dokumenterer også alle aspekt ved det å driva med sau. Sauene og familiens deltaking i drifta står i fokus. Minnefunksjonen er viktig, men det er også mange augeblicksbilde frå små kvardagslege situasjonar og praktiske løysingar som er viktige for å få eit heilskapleg inntrykk av sauehaldet.

Det ser ut til at Haga sitt fokus på å dokumentera alle deler av det å ha sau auka etter han fekk vite at Jærmuseet ville samla inn bilda hans. Tidlegare hadde vi til dømes berre bilde frå driving og sanking av sauar frå eit foredrag han hadde laga. No fekk vi bilde frå lysing av søyer, vaksinering, lemming, foringsløysingar, oppsettning av gjerder i heia, driving av sau, tilsyn og deretter samling og ettersanking, samt slakting og ulike matprodukt.

Mobilbilda er både ei erstatning for, og eit tillegg til, bilde som tidlegare blei tatt med spegelreflekskamera. Det er mange bilde frå kvardagslege situasjonar som ein til vanleg ikkje hentar fram eit kamera for, som bilde med praktiske formål, mat, stemningsbilde frå kvardagen, situasjonar på jobb osv. Samstundes er alle bilda frå sanking og ettersanking av sauar tatt med mobiltelefonen, ein situasjon kor det hadde vore naturleg å bruka spegelreflekskamera.

Som nemnd definerte Boogh og Diaz skiljet mellom analoge og digitale foto ut frå korleis bildet blir brukt, kvifor bildet blir tatt og korleis det blir spreidd.¹⁰ Hagas bilde er ikkje meint for deling, og havnar utan-

Sauer og hundar tar pause under driving av sauherd opp i Langeidsheia, sommaren 2017.

Foto: Asbjørn Haga,
*Jermuseet.



for Boogh og Diaz sin definisjon av digital fotograferingspraksis. Ein del av hans kamerabilde og alle mobilbildene viser likevel fleire type motiv og fleire augебlikksbilder enn det som har vore vanleg ved analog fotografering. Kanskje er det meir relevant å snakka om at overgangen frå analog til digital fotografering handlar om ei utviding av fotografen sin horisont? Talemot på fotograferingsverdige motiv har auka i tråd med fleire fotografarar, enklare tilgang til kamera, visuell kommunikasjon på sosiale medium og direkte visning, lagring og sletting i eitt.

Naturen er eit viktig motiv for Haga, Skjæveland og Myklebust. Til samanlikning lanserte Stockholm Läns museum i 2013 en konkurranse der byen sine innbyggjarar sende inn bilde av kva som var viktig for dei. Til deira overraskning var det mange naturbilde.¹¹ Natur er ein viktig verdi for mange uavhengig av kor mykje natur dei er omgjevne av. Sauebønder, og spesielt dei som tar sauene til heis, lever i eit samspel med naturen, og kanskje er det då ikkje så rart at den også er framståande i deira motivval.

INNSAMLING AV BILDE FRÅ SAUEHALD MED 20 ÅRS MELLOMROM

Musea har store samlingar med fotonegativ på film og glas, og positivkopiar på papir. Nokre av musea sine fotosamlingar frå bedrifter blir førde vidare frå analoge til digitale foto, men elles er det sparsamt med digitale foto i musea sine kulturhistoriske samlingar. Mykje av årsaka til dette ligg i mangelen på nye innsamlingsstrategiar. Ein stor del av musea sine samlingar har kome til som gåver, i form av ting. Dei digitale bilda er ikkje materielle ting. Dei lagras i beste fall på harddiskar og andre medium, men i mange tilfelle blir dei liggande på mobilen eller i ei nettsky. Det er et behov for at digitale bilde vert samla inn i si samtid, og musea må velje aktive innsamlingsstrategiar for å sikra dagens historie for komande generasjonar. Jærmuseet si innsamling av bilde frå Asbjørn Haga, Sigmund Skjæveland og Inghild Sundstø Myklebust er eit godt døme på aktiv innsamling av digitale bilde knytt til eit viktig tema i regionen si historie.

Jærmuseet samla òg inn bilde og dagboknotat frå sauебонder i 1994. Det kan være spanande å samanlikna bilda tatt i 1994 med analogt kamera, og bilda tatt i 2016-2018 med digitalt kamera. Får vi same type foto i dag som i 1994? La oss ta ei kort samanlikning av materialet. Sigmund Skjæveland samla foto og skreiv dagbok til Jærmuseet i 1994. På første side i dagboka har han skrive:

Torsdag 7/4-1994

I dag fekk eg vitjing av Målfrid Grimstvedt frå Jærmuseet. Tidlegare har eg lova å vera med på å skriva

dagbok om mitt sauahald i eit år framover. Følgja sauen med tekst og bilde frå lemming til lemming. Ho kom med filmar og bøker, og ho sa korleis ho ønska eg skulle gjera jobben min.

Sauelemminga hadde starta. Ikkje så bra. Noko kasting, og elles nokre daude lam. 21 lam blei fødde i dag, og tilsaman lever 57 lam.

I dagboka har museet sett inn ei hugsliste for fotografering og ei påminning om å få med både folk og fe. Her er det ikkje bare livet i heia som er tema, men stell gjennom heile året, inklusivt avlsarbeid og utstillingar. Sigmund Skjæveland var formann i avlsutvalet for sau i Rogaland på denne tid. Han refererer difor arbeidet sitt knytta til denne oppgåva. Museet gav han diasfilm. Han leverte i alt 140 foto tatt frå april til oktober, alle med opplysningar til. Dagboka skreiv han fram til 25.2.1995. Her får vi eit breiare bilde av livet med sauene enn Facebook-innlegga frå 2016. Men det er ingen to-vegs kommunikasjon med saufolket, i alle fall ikkje på direkten. 3. november skriv han i dagboka *Vi hadde årsmøte i Øyestøl beitelag. Eg viste lysbilda frå heia...* Kan hende var dette starten på fotoformidlinga?

Bilda frå Skjæveland i 2016 er berre henta frå livet i heia, inkludert sinking og ettersanking. Bilda frå 1994 har meir til felles med Asbjørn Haga sine foto. Vi får følgja sauene og folka både heime og i heia. Dagboka utfyller bileta. Her kjem det m.a. fram at Skjæveland sender ein del av sauene sine til heis, ein del til sommarbeite ein gard i Egersund og ein tredje flokk er heime. Det er dei same sauene som hamnar på kvar av



1. 15.01.2018: Lysing av søyer hos Odd Einar og Monika Lundevoll på Austrått. Jon Edvin Johansen sit med utstyr og tel foster.

*Foto: Asbjørn Haga, * Jærmuseet.*

2. 18.5.1994: Kai Inge, sonen til Sigmund, gjer eit lam forebyggande mot koksidiose.

*Foto: Sigmund Skjæveland, *Jærmuseet*

desse stadene år etter år. Men oppfører ikkje sauene seg slik dei skal, blir dei nekta tilgang til heia. Haga blei intervjua om sine fotografi. Difor har vi tilsvarande informasjon som det Skjæveland skreiv i dagboka si.

Asbjørn Haga har ulike oppgåver knytta til sauene, slik også Sigmund Skjæveland hadde i 1994. Det pregar fotografia dei har tatt for oss. Haga er med i januar når det skal sjekkast kor vellukka paringa har vore. Då reiser dei rundt med utstyr for å lysa kvar sau for å finna ut om det er foster, og kor mange det er.

Driving av sauene frå biltransporten og inn til sommarbeite er ei av dei store hendingane kvart år. I Øyestølheia var det omlag 1300 sauер frå 22 eigare i 1994. Skjæveland var oppe fleire turar i juni 1994 for å setta opp gjerde og sjekka beitetilhøva. 25. juni kunne han sleppa opp dei første tre flokkane til heis. Hans eigne sauere kom opp 4. juli og 9. juli; 184 i talet. I Asbjørn Haga si fotofortelling frå 2017 var han oppe 9.-11. juni og 17. – 18. juni. Tidspunktet varierer frå år til år ut frå tilhøva på beitet.



1. 9.7.1994: Jan Pettersen ser på når sauene hopper ut av bilen i Skreå. Foto: Sigmund Skjæveland, *Jærmuseet.
2. 17. - 18.06.2017: Bilde frå driving av sau frå Sandvigvatnet ved Suleskarvegen til Fjesjevassteane i Langvasshei. Det er rundt 850 sauar i flokken. Dei startar i avslessingsgarden og går langs Rågeloni og over bruha som Jæren Smalalag har lagd over Sandvassåna. Foto: Asbjørn Haga, *Jærmuseet.
3. 09. - 11.06.2017: Frå jaging av sau til heis. Jagegjengen måtte over bekken som renn frå Grovledalen som renn inn i Lykkjevatnet. Mykje regn dagen før gjorde at dei måtte av med bukser og sko, men sokkar ble holdt på for å ikkje skrape føtene. Foto: Asbjørn Haga, *Jærmuseet.



1

- 11.9.1994: Samlarane etter endt arbeid i Øyestølheia. Frå høgre er Magnar Bjerkreim, Knut Arild Aamot, Kai Inge Skjæveland, Jan Pettersen, Reidar Hetland, Arnold Helland, Arthur Gåsland, Oddbjørn Ege, Inge Byberg og Odd Arvid Klungland.

Foto: Sigmund Skjæveland, *Jærmuseet.

- 14.09.2017: Ettersamling av sau ved Kråkeåni ved Lykkjevatnet i Langeidsheia. Samlarane Odd Einar Lundervoll, Martin Siqveland, Karl Martin Mattingsdal, Arne Tjørhom og Asbjørn Haga har samla ein liten flokk med sauver ved Kråkeåni.

Foto: Asbjørn Haga, * Jærmuseet.



2

Ettersanking er det når bøndene tar seg fleire turar til fjells for å finna dei sauene som ikkje kom heim i den store samlinga tidleg i september. Det var viktig i 1994 og er det i dag. Sjå foto frå ettersanking med Asbjørn Haga 14.9.2017. I dagboka si frå 1994 skriv Sigmund Skjæveland den 16. september:

I dag var vi på leiting på sørsida (av Øyestølheia). Det første vi fann var to enkle lam. Det eine var mitt. Sidan fann eg den eine twillingsauen min som eg mangla. Vi hadde ein god dag i dag. Flokken med Bybergsauer som kom seg unna i samlinga, kom sjølv rekjkjande opp frå Støle, og når vi hadde vore i lia og fått samla dei saman, hadde vi 29 stk. i ein flokk. Oddbjørn kom til Skreå i dag. Han ligg i hytta der, og leiter ut frå denne.

Denne korte samanlikninga av foto frå den analoge tida i 1994 og den digitale i 2016-2018 viser at vi kan få mange av den same type motiv. Det skuldast til ein stor grad at vi i begge tilfelle har gått aktivt ut og gjort merksam på kva motiv vi ønskjer. Innsamlinga frå Facebook var langt meir passiv enn innsamling med dagbok og foto i 1994 og innsamling i dialog med fotografen i 2016-2018. Samstundes gav innsamlinga frå Facebook oss eit betre bilde på samspelet bland deltakarar i et miljø knytt til sauehaldet i heia. Vi fekk dokumentert korleis sosiale medium som Facebook har endra kommunikasjonen mellom dei som er interesserte i å følgja sauehaldet i heia. I 1994 kunne nokre få personar få informasjon om livet i heia når dei sjølv tok turen, eller når heiasjefen tok ein tur ned frå heia. I dag kan ein stor krins med interesserte følgja med på oppdateringar gjennom heile sesongen.

Musea skal dokumentera og formidla menneskets forståing av, og samhandling med omverda i fortid og nåtid.¹² Vi har eit fagleg ansvar for å bestemma kva som skal innlemmaste og ikkje innlemmaste i samlingane, basert på museets geografiske og tematiske ansvarsområde.¹³ Vala vi gjer skal gi eit dekkande bilde av det mangfaldet som utgjer norsk samfunnsliv gjennom tidene.¹⁴

Vi har ei krevjande oppgåve, men dei nye fotograferingsvanane kan opna for nye høve for å dokumentera det som er relevant for musea. Stadig fleire museum brukar innsamling av foto til sosial dokumentasjon.¹⁵ Vi kan nå grupper som vanlegvis ikkje brukar musea, og vi kan dokumentera eit breiare spekter av samfunnslivet. Asbjørn Haga og Sigmund Skjæveland sine eigne bilde er viktige for å dokumentera ei unik form for sauehald sett i norsk samanheng. Bilda frå deira kvardag bidreg til ei god forståing av den kontakten Haga og Skjæveland får med sauene og korleis det er å驱ra med sau på Jæren og i Dalane.



Ei søye vaskar fosterhinna av sitt nyfødde lam.
Foto: Asbjørn Haga 2017, *Jærmuseet.

BEVARING OG BRUK AV BILDA

Ved innsamling, bevaring og bruk av bilda må vi ta om-syn til lovverket. I dette prosjektet er åndsverklova,¹⁶ personopplysningslova¹⁷ og straffelova¹⁸ særleg relevante. Haga, Myklebust og Skjæveland har opphavsretten til sine bilde og eigendomsrett til dei originale bilda, mens Jærmuseet har eigendomsrett til dei digitale kopiane vi har samla inn til prosjektet. Desse bilda kan museet lagra og forska på, blant anna i tråd med at det er i allmenntas interesse¹⁹. Etter avtale med fotografane kan vi også bruka bilda i bøker, trykksaker, internett og utstillingar så lenge vi overheld personvernet.

Åndsverklova forbyr som hovudregel publisering av bilde der identifiserbare personar utgjer hovudmotivet. Dersom personane på bildet er mindre viktige enn sjølve

situasjonen og bildet ikkje kan virke krenkande, eller dersom bildet har ein allmenn og aktuell interesse opnar lova likevel for publisering utan å henta inn samtykke.²⁰

I likskap med dei fleste musea i Noreg følgjer Jærmuseet ICOMs museumsetiske regelverk.²¹ Her blir det lagt spesiell vekt på å visa aktsemeld og respekt ved innsamling og bruk av materiale frå notidige, eksisterande samfunn.²² Vi skal utvisa respekt for eksisterande samfunn, menneskeverd, kultur og tradisjonar og fremja eit harmonisk forhold mellom museet og lokalsamfunnet.²³

Musea har ein plikt til å lagra sine samlingar forsvarleg, også digitale samlingar. Bilda frå Skjæveland og Haga er lagra i Jærmuseet sitt digitale fotoarkiv. Dei er kopiert på to ulike diskar som blir spegla kontinu-

Alle sauar må vaksinerast mot pulpanyre, også kosesauer.

Foto: Asbjørn Haga 2017,

*Jærmuseet.



erleg. Denne lagringa ligg på eit skjerma dataområde der berre samlingspersonalet i museet har tilgang. I tillegg blir det tatt kopi på tape som blir lagra fysisk på ein annan stad. Alt vi har av informasjon knytt til bilda er lagra i databasen Primus.

Generelt har musea høgt fokus på å gjera mest mogleg av kulturarven tilgjengeleg for flest mogleg, men vi har også høgt fokus på personvern. Mange av bilda vi har samla inn fra Haga, Myklebust og Skjæveland vil ikkje bli publisert av omsyn til personvern. Likevel er det viktig at vi ved å dokumentera sauehald og bruk av heiene i dag, tek vare på kunnskapen om denne kulturen, både for notid og framtid. Gjennom forsking og utstillingar vil folk flest få moglegheit til å læra og verna om ordninga med sauern på beite i heiene og heiasjefar som sørger for dyra sitt ve og vel. Den delen som blir delt på Digitalt museum gjer eit allment publikum tilgang til historiane frå heiene. Då får vi fort respons også, slik denne kommentaren få dagar etter deling av bilda viser:

Hei. Jeg har vært på hytta ved Tverråna hver påske i Hunnedalen i min oppvekst. Jeg var innom der i helgen og hytta stod ulåst og jeg tillot meg å ta en titt inn. Det var veldig kjekt å se det igjen. Hva skal skje med denne hytta videre? mvh xxx.

VI VIL GJERA DET IGJEN!

Jærmuseet har utført eit spanande og lærerikt innsamlingsprosjekt. Vi har blitt utfordra på nye metodar for å samla inn bilde, tekniske løysingar og etiske vur-

deringar. Det er ikkje mange museum som har prøvd seg på ei liknande innsamling av bilde frå Facebook, om det i det heile tatt er nokon. Vi måtte dermed sjølv finna ut korleis vi skulle utføra prosjektet. Her var det både juridiske, etiske og metodiske utfordringar. No som utfordringane er løyst, sit vi igjen med nye erfaringar og kunnskap som lett kan overførast til nye prosjekt med dokumentasjon av samfunn i notid.

Musea skal identifisera, dokumentera og i nokon grad samla inn det materialet som best kan belysa menneska si forståing av, og samhandling med sine omgjevnader i fortid og notid.²⁴ Sidan dei fleste alltid går med smarttelefonen i lomma, har museet fått nye mogleigheter for å dokumentera breidda i dagens samfunn. Med dokumentasjon av korleis det er å leva i dagens samfunn, for alle samfunnslag, får vi også høve til å reflektera over samfunnet og korleis vi lever liva våre.

Vi har tatt vare på historiane til sauebonden Asbjørn Haga og heiasjef Sigmund Skjæveland og Inghild



Sigmund Skjæveland og ein av hundane speidar etter sauern under ein tilsynsrunde i Øystølsheia. Frå albumet "Livet i heie 2016" Foto: Inghild Sundstø Myklebust, *Jærmuseet.

Sundstø Myklebust slik dei sjølve ser det. I bilde kjem deira erfaringar og engasjement fram, og vi har fått ei djupare innsikt i temaet enn vi ville fått gjennom andre metodar. Ved personlege møte byggjer vi også relasjonar som kan ha betyding for museet sin relasjon til lokalsamfunnet og for lokalsamfunnet sin relasjon til museet.

Dokumentasjonen av sauedriftsystemet med litt over 20 års mellomrom gjer oss verfull dokumentasjon av dei endringane som ordninga går gjennom. Endringane speglar også endringar i samfunnet generelt. Frå auka mobilitet med bil og vegar, betre kommunikasjon med walkietalkie, mobiltelefon og sosiale medium og betre kontroll over sauene med gjerder og GPS—sporing. Målet om at dyr skal få beita fredeleg, og ikkje lide unødig varer ved.²⁵ Det same gjeld det sterke sambandet mellom sauen, gjetaren og hunden.

NOTAR

- ¹ Hartig et. al. 2018:4
- ² Boogh og Diaz 2013
- ³ Store norske leksikon 2018
- ⁴ Sarvas and Frohlich 2011:133
- ⁵ Omnicoreagency 2019
- ⁶ Brandwatch 2019
- ⁷ Waaler 2012:9
- ⁸ Chalfen 2016:3
- ⁹ Shepherd 2019
- ¹⁰ Boogh og Diaz 2013
- ¹¹ Boogh 2015
- ¹² Meld. St. 49 (2008-2009)
- ¹³ Meld. St. 49 (2008-2009)
- ¹⁴ Meld. St. 49 (2008-2009)
- ¹⁵ Hartig 2015:2
- ¹⁶ Lov om opphavsrett til åndsverk mv.
- ¹⁷ Lov om behandling av personopplysninger
- ¹⁸ Lov om straff. Her er det først og fremst § 267, om privatlivets fred, som er relevant
- ¹⁹ Lov om behandling av personopplysninger, § 8d
- ²⁰ Lov om opphavsrett til åndsverk mv. § 104
- ²¹ ICOM= International Council of Museums
- ²² Norsk ICOM 2014:18-19
- ²³ ICOMs museumsetiske regelverk § 6.5, § 6.7 og § 6.8
- ²⁴ Meld. St. 49 (2008-2009)
- ²⁵ Grimstvedt, Hertel-Aas og Jøssang 1996:194

LITTERATURLISTE

- Boogh, Elisabeth 2015: Samtidsbild/Contemporary Images – A Method of Collecting Vernacular Photography in the Digital Age. I: Museum International. ICOM and Blackwell Publishing Ltd.
- Boogh, Elisabeth og Diaz, Merja 2013: Bilder för framtiden. Stockholms läns museum og Malmö Museer.
- Brandwatch 2019: Sosial media statistics. Henta frå: <https://www.brandwatch.com/blog/amazing-social-media-statistics-and-facts/#section-2>
- Chalfen, Richard 2016: Foreword. I: Cruz, Edgar Gómez and Lehmuskaillo, Asko: Digital Photography and Everydal Life. Routledge. London.
- Datatilsynet (ukjent år): Deling av bilder. Henta frå: <https://www.datatilsynet.no/personvern-pa-ulike-områder/internett-og-apper/bilder-pa-nett/>
- Grimstvedt, Målfrid, Hertel-Aas, Torbjørn og Jøssang, Lars Gute 1996: Med sauen til heis. Jærskrifter 2, Jærmuseet.
- Hartig, Kajsa, Jensen, Bente, Wallenius, Anne og Boogh, Elisabeth 2018: Collecting the Ephemeral Social Media Photograph for the Future. Manus fra presentasjon holdt på konferansen Museums and the Web, 18.-21. April 2018. Henta frå: <http://collectingsocialphoto.nordiskamuseet.se/presentation-at-mw18-in-vancouver/>
- Hartig, Kajsa 2015: Launching #collectingsocialphoto – and a look in the rear mirror. Henta frå: <http://collectingsocialphoto.nordiskamuseet.se/>
- Lov om opphavsrett til åndsverk mv. (åndsverkloven): Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-40>
- Lov om behandling av personopplysninger (person opplysningsloven): Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-38?q=personopplysningslova>
- Lov om straff (straffeloven): Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28>
- Meld. St. 49 (2008-2009): Framtidas museum – Forvaltning, forskning, formidling, fornying. Henta frå: <https://www.regeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-49-2008-2009-/id573654/>
- Norsk ICOM 2014: ICOMs museumsetiske regelverk (norsk utgave). ICOM
- Omnicore 2019: Facebook by the Numbers: Stats, Demographics & Fun Facts. Henta frå: <https://www.omnicoreagency.com/facebook-statistics/>
- Sarvas, Risto og Frohlich, David M. 2011: From Snapshots to Social Media – The Changing Picture of Domestic Photography. Springer. London.
- Sheperd, Adam 2019: Why Facebook will plunge us into a Digital Dark Age. Publisert på nettstedet IT Pro. Henta frå: <https://www.itpro.co.uk/mobile/33217/why-facebook-will-plunge-us-into-a-digital-dark-age>
- Waaler, Andreas Skog 2012: Facebook-revolusjonen og sosiale mediers rolle i samfunnet. Masteroppgave, Universitetet i Tromsø.



Krigsminne frå Ogna, Brusand og Øvra Bygdå

OTTO LAURITS FUGLESTAD

Jærkysten er full av krigsminne. Går du langs jærstrendene kjem restar etter 2. verdskrig raskt til syne. Her finst ruinar, bunkersar, tunnellar og oppstillingsplassar for ulike kanontypar, for ikkje å snakke om dei godt synlege *Hitlertennene* på Brusand. Dette er fysiske krigsminne. Men korleis var kvardagslivet og det personlege møte med den tyske okkupasjonsmakta? Det er det Otto Laurits Fuglestad gjer oss eit glimt inn i med artikkelen *Krigsminne frå Ogna, Brusand og Øvra Bygdå*.

KRIGEN ME IKKJE VERT FERDIGE MED

Den andre verdskriga og okkupasjonen av Norge frå 9. april 1940 - 8. mai 1945 har sett djupe spor i norsk historie. Framleis vert det skrive bøker, laga filmar og debattert om ulike sider ved denne mørke tida. Ofte er det dei dramatiske hendingane som vert dregne fram: heltar og svikarar, sabotasjeaksjonar og motstandskamp. Men korleis var det daglege livet gjennom desse åra? Korleis vart livet i våre lokalsamfunn prega av den tyske okkupasjonen? Korleis skaffa folk seg mat og andre daglegvarer i ein periode med streng rasjonering? Korleis skulle folk forhalda seg til dei tyske soldatane som dei hadde tett innpå seg kvar einaste dag?

TIDSVITNE FORTEL

Mange av dei som kunne ha fortalt om dette, er nå døde. Men framleis er her nokre tidsvitne igjen. Eg har intervjuato av dei, Margit Sirevåg og Tomas Stokkeland. Dei var begge fødde i 1922 og vart konfirmerte saman. Ho Margit smiler når ho fortel at han Tomas meinte dei hadde så god kontakt då dei gjekk for presten. Ho kunne ikkje hugsa at dei hadde sagt eit einaste ord til kvarandre. Men seinare i livet drøste dei alltid med kvarandre når dei treftest. Tomas var sonen til Ingvald og Lava Stokkeland og budde på Brusand heile livet. Han døydde for få år sidan, 94 år gammal. Margit vaks opp på Ogna som dotter av Lars og Josefine Jaarvik, og syster til Kjell Jaarvik som dreiv landhandelen etter foreldra vidare. Margit flytte til Sirevåg då ho gifte seg, og ho bur framleis i Havraskaret.



Margit Sirevåg framfor eit måleri som kunstnaren Bruno Krauskopf måla av henne då ho var i konfirmasjonsalderen.
Foto: Svein Høyland.

Eg har også henta litt stoff frå dei to bøkene med folkeminne frå Ogsaheia, og frå boka Øvra Bygdå av Johan Tjåland. Dessutan har eg fått verfulle opplysningar om motstandsmannen Livar Storhaug si dramatiske flukt våren 1945 av Reidun Kvæ, født Nielsen. Ho vaks opp på Ogna som dotter av Reidar og Berta Nielsen. Også Berit Bøe, født Svanes, har gitt opplysningar eg har nytta i artikkelen. Mange av biletene er henta frå Lisabet Risa si bok «Bilete frå Hå». Sjølv er eg fødd i 1939 og oppvachsen på Brusand. Der hadde foreldra mine, Elias og Malena Fuglestad krambu. Elias begynte med handel tidleg på 1930-talet, og dei selde krambua då han vart pensjonist i 1972.

KRIGSUTBROET

Margit hugsar godt den dagen krigen kom til Norge, 9. april 1940. Ho var 18 år. Ein gjeng med Opstadfangar frå Opstad tvangsarbeidshus arbeidde på vegen rett framføre krambunga deira på Ogna. *Me hadde ikkje lov å snakka med dei, men dei hadde lov å gå bort i vasehuset og drikka. Ho mor tykte synd om dei og sette ut ei flaske med saft til dei. Den forsvant fort. Då me høyrd på radioen at krigen hadde brote ut, sette me opp vindauge så dei òg kunne høyra. Då vart det fart på mange av karane. Nokre av dei stakk av. Dei ville heim og sjå til familien. Vaktene som passa på dei, var sikkert bare glade til.*

Hos Jaarvik hadde dei ein tyskar buande hos seg like før krigen. Den dagen krigen braut ut, hadde han vore ute på tur. Då han kom tilbake, sa mor til Margit noko om at han Hitler var ikkje gode. Då braut han ut: *Jamen fra Jaarvik, du må ikke si sånt.* Han viste fram at han hadde hakekors på kleda sine. Like etter drog han av garde og kom ikkje igjen.

Ein av dei første dagane etter krigsutbrotet kom nokre tyske soldatar kjørande. Dei hadde uniformar og høge lerstøvlar. Då soldatane kom inn på krambunga, stod folk langsetter veggene. Dei var redde for å verta skotne. Tyskarane sa kva dei skulle ha, og slengde ei bunke med setlar på disken. Ein annan dag kom det ein tyskar ifrå Egersund og forlangde at Josefine og Margit skulle laga mat til nokre offiserar. Dei torde ikkje gjera noko anna, og tyskarane sat inne hos Jaarvik og åt.

Eit inntrykk som sit igjen hos Margit frå krigsåra, er at det var så mørkt. Dei hadde nokre små lommelykter

som dei kalla for Mikke Mus-lykter. Dei kunne senda små blink inn i mørkret og jentene kunne ta seg fram med forsiktige steg. Ein gong ho og ei venninne hadde vore i Sirevåg, gjekk dei heimover mot Ogna langs eit gjerde. Dei heldt seg fast i gjerdet for ikkje å ramla. Brått vart dei stansa av tyske vakter. Jentene hadde kome til ein kontrollpost og måtte visa passa sine. Etterpå fekk dei gå vidare i mørkret med dei blinkande Mikke Mus-lyktene sine.

Under krigen stengde Jaarvik krambunga i 6-7-tida om kvelden, for dei hadde ikkje så mykje å selja. Elles var vanleg stengetid i halv 9-9-tida om kvelden. Det var rasjonering på mange daglegvarer, og på sjokolade og tobakk. I avisene var det fyldige byttespalter der folk ynskte å byta til seg varer mot noko dei sjølv kunne avsjå.

RADIO PÅ LOFTET OG NYTT FRÅ LONDON I NORSK VEKEBLAD

Det var ikkje lov å ha radio under krigen. Folk skulle ikkje få vita noko om krigens gang, og slett ikkje høyra nytt frå den norske eksilregjeringa i London. Tyskarane gjekk rundt og leita på gardane og hos andre som kunne tenkjast å ha gøynt unna ein radio. Apparata dei fann, vart tekne til Brusand for oppbevaring i eit rom i stasjonsbygningen på jernbanen.

Tyskarane gjekk ut og inn i krambunga til Jaarvik kvar dag, og dei kom nok ikkje på at folka her hadde gøynt unna eit apparat. Men Kjell Jaarvik hadde vore dristig nok til å gøyma unna ein radio på loftet. Radioen såg mest ut som ein bandspelar, og Kjell hadde liggjande framme eit kurs i tysk, så det såg ut som om han lærte



Jaarvik landhandel på Ogna, ukjent årstal.

Foto: Ukjent, * i privat eige.





Bønder frå Brusand leverer frå seg hestane til okkupasjonsmakta på Brusand torg vinteren 1941. Meieristyrar Johannes Sæbø i kvit jakke til venstre i biletet var ein ivrig motstandsmann. Foto: Sven Stokkeland, *Hå folkebibliotek.

seg tysk. Men han hadde fått Bertram Kvadsheim til å laga ein ekstra dings så dei kunne ta inn nyheiter frå London. Denne dingsen måtte gøymast godt. Ein av gøymestadene var verpekassen til hønsa.

I Sirevåg var det òg nokre vågarar som hadde gøymt unna radioen og høyrd nytt frå London. Nyheitene skreiv dei ned, og arket la dei inn i bunka med Norsk ukeblad som dei selde i krambunga til Svanes. Arket med nytt frå London låg i blad nummer to i bunka. Her kunne Sirevågsfolk som kjende til ordninga, koma innom og lesa nytt om krigen når det ikkje var tyskarar i krambunga.

BRUNO KRAUSKOPF

Bruno Krauskopf høyrd til ein krets av tyske målarar

som braut med den naturalistiske tradisjonen i landskapsmåleri. Då nazistane kom til makta i Tyskland i 1933, fordømde dei denne kunsten og kalla han for «entartet» - utarta eller degenerert . Det vart uhaldbare forhold for desse kunstnarane i heimlandet, og mange emigrerte. Krauskopf kom til Norge i 1933/34. Då toget nordover frå Egersund kom forbi Sirevåg, vart han sterkt fengsla av landskapet. Han hoppa av på Ogna, og her fann han seg ei tomt og bygd hytte ved osen av Ognaelva. Hytta finst framleis. Den ligg lunt og fint til, og er ombygt og påbygt i seinare tid. Krauskopf budde på Ogna under heile krigen.

Det var ikkje bare enkelt å vera tyskar i Norge under krigen. Sjølv om han altså hadde flykta frå nazi-

regimet, vart han mistenkt for å samarbeida med den tyske okkupasjonsmakta. Eit teikn på det var blant anna at han kunne gå fritt att og fram til sjøen der han hadde hytta, sjølv om store delar av området var mine-lagt. Då krigen var slutt, vart han utvist frå Norge, utan at han vart skulda for noko straffbart.

Krauskopf budde på Ogna i meir enn ti år. Han vart kjend med folk og hadde omgang med nokre av dei. Ikkje minst var han kunde i den lokale krambunga til Jaarvik. Men som kunstnarar flest hadde han ikkje alltid pengar til å betala for varene han kjøpte. Det ordna Josefine, kona til Lars, med å ta eit måleri som betaling. Og bileta var verdfulle då. Han tok 800 kroner for eit måleri, mens eit brød kosta 25 øre og ei øskje sigarettar kosta 40 øre. Måleria er sjølvsagt langt meir verdt i dag, og alle i familien Jaarvik har minst eit bilet av Krauskopf. Margit har eit flott portrett av seg sjølv som Krauskopf måla då ho var i konfirmasjonsalderen. Nå heng det fint på veggen i stova hennar. Ho fekk også presang frå Krauskopf då ho konfirmerte seg, med helsing frå Ruth og Bruno. Ruth var den nye kona. For å halda dei ulike damene til Krauskopf frå kvarandre, snakka dei om *hu røa* og *hu svarta*. Det gjekk på hårfargen. Den fyrste kona hans som hadde guten Erik saman med Krauskopf, var flink til å stella i hagen og gjera det fint rundt huset. Ho klarte til og med å dyrka tomatar på friland utanfor hytta.

Dei som har sett bilete som Krauskopf har måla, veit at det er fargersterke måleri som ikkje gjenskaper naturen slik vi ser han. Det er naturen slik kunstnaren oppfattar han i sitt eige sinn. Det kunne nokre gonger

vera vanskeleg å sjå kva som var opp og kva som var ned på eit bilet. Det hende nok og at folk hengde dei opp-ned, slik at *det såg ut som om graset kom ned frå himmelen*, for å sitera Margit.

TYSKARJENTENE

Margit stod i krambunga til Jaarvik, og ofte fekk ho tilbod av tyske soldatar og offiserar som ville vera i lag med henne. Ein gong var det ein som spurde ganske kvasst *Warum*, og ville ha forklaring på korfor ho sa nei. *Dei trudde jo at me var venner*. Ein annan sa at han kunne melda henne for denne uviljen mot tyskarane. *Viss du melde meg for det, så kan eg godt sitja i fengsel*, var svaret frå Margit. Men det vart ikkje noko meir av dette.

Margit og mange med henne let seg altså ikkje freista til å gå ut med dei tyske soldatane, men det var det andre som gjorde. Dei var flotte unge menn, desse tyske soldatane, høflege og galante. Så det kunne vera freistande å vera i lag med dei, kanskje gå ut på ein restaurant eller ut og dansa. Og så hende jo det som hender mellom unge menneske at mange av dei vart forelska. Nokre vart med barn, nokre reiste til Tyskland etter krigen og gifte seg med han dei hadde vorte glad i.

Eit av mine minne om tyskarjentene er dette: Nokre dagar etter at krigen var slutt, stod eg oppstilt på jernbanestasjonen saman med andre Brusandfolk. Me venta på to lokale jenter som hadde hatt lag med tyskarar under krigen. Som straff hadde dei fått håret av-klypt. Som ei slags tilleggsstraff hadde dei meldeplikt for stasjonsmeisteren. Og her kom dei, bratte i nakken og med blikket rett framover. Det var som ein spissrot-

gang der det stod folk på begge sider og glodde på dei.

Det var mykje i denne situasjonen eg som seksåring ikkje kunne forstå: Hitler og nazismen sitt forsøk på å leggja under seg Europa, konsentrationsleirane, utryddinga av jødane, okkupasjonen av Norge, motstandskampen, det skarpe skiljet mellom dei som var med og dei som var mot. Men min sympati var hos jentene. Eg visste kven dei var. Eg hadde sett dei saman med andre ungdommar på Brusand. Med barnet sin intuisjon forstod eg litt av kor ille dei måtte ha det, der dei stilt gjekk fram med hovudet løfta i trass.

Etter krigen og fram til vår tid er det skrive mykje om tyskarjentene sin skjebne. Dei var inga einsarta gruppe. Nokre av dei hadde kortvarige og overflatiske forhold med tyske soldatar, andre fann livsledsagaren sin i dette forholdet. Nokre vart gravide og fekk barn med soldaten, og desse barna fekk ofte merkelappen tyskarunge på seg.

I forsøket på å forstå dei sterke og hatske reaksjonane mot tyskarjentene, peikar nokre på at det vart opp-

levd som eit stort svik at dei kunne ha kjærasteforhold med representantar for fienden. Sjølv om det var mange andre som både handla med og på andre måtar drog fordelar av kontakten med okkupasjonsmakta, vart deira svik rekna som mindre enn jentene sitt. Det var som om jentene sitt intime liv var ein slags nasjonal eigedom, noko som gjorde at deira svik fekk andre og større dimensjonar. Likevel, i ettertida er det mange som ser på det som ein skamplatt i oppgjeret etter krigen, at desse jentene vart behandla som dei gjorde.

Margit har eit minne som lyser litt opp i dette landskapet. Det var eit hus i Sirevåg der det vanka tyskarar, og der budde det ei ung jente på 16 år som hadde hatt kontakt med enkelte av soldatane. Etter krigen kom det norsk politi og arresterte henne og tok henne med til Egersund. Då sette Erling Sirevåg, mannen til Margit, seg i bilen, kjørte til Egersund og forlangte å få jenta med seg heim. *Ho er jo bare ein unge. Viss de skal arrestera nokon, så må de ta foreldra.* Han fekk jenta med seg tilbake til Sirevåg. Som rimeleg kan vera, stod Erling høgt i kurs hos denne jenta i all tid etterpå.



Forfattaren som
åtteåring. Utsnitt
av familiebilete
teke 1947. Foto: J. W.
Eskildsen, * i privat eige.

FORHOLDET MELLOM TYSKARANE OG DEI LOKALE FOLKA

Tyskarane var her i fem år, og både her på Jæren og mange andre stader, var innslaget av tyske soldatar godt synleg i lokalsamfunnet. Til dels budde dei i husa til norske familiiar. Då vart ein kjend med dei som vanlege menneske og ikkje bare som soldatar. I nabohuset vårt på Brusand som familien Roxmann åtte, budde det også tyske soldatar. Eit litt uklart minne eg har om dette er at ein gong fekk dei hos Roxmann bod om at

ein soldat som hadde budd hos dei, hadde omkome. Eit tysk krigsskip han var om bord på, vart torpedert. Det gjorde inntrykk på familien, og dei syrgde over at nok eit ungt liv hadde gått tapt.

Det var også slik at mange av dei tyske soldatane slett ikkje var på parti med Hitler, og at dei hata å vera med i denne krigen. Ein av dei som Margit fortel om, heitte Kurt. Han sa: *De kan seia kva de vil til meg, men ikkje til dei andre*. Då han fekk høyra om det mislykka attentatet mot Hitler, kalla han det for *halvgjort arbeid*. Kurt omkom mens han budde på Ogna. Han gjekk på ei mine.

Nokre av dei tyske soldatane stakk også til ungane litt snop av og til, runde, gulgrøne pepparmyntedrops. Eg kan ikkje hugsa at mine foreldre nokon gong sa til meg at eg ikkje måtte ta imot. Eg hadde likevel ei kjensle av at det ikkje var heilt greitt. På barnleg vis forstod eg vel at tyskarane prøvde å gjera seg til venns med oss ungane. Dei kjende nok uviljen frå dei vaksne og visste at dei ikkje var populære blant folk.

Det var altså skilnad på dei tyske soldatane. *Nokre var gode og nokre var därlege*, seier Trygve Omland i filmen med intervju med han om arbeidet med Hitler-tennene. Men det var ei vond og vanskeleg tid. Kjentfolk vart skotne eller omkom på anna vis. Og det gjekk hardt ut over jødane. Likevel seier Trygve: *Det nyttar ikkje å bera på hat. Ein må leggja den vonda tida bak seg*.

Tomas Stokkeland seier også at det var skilnad på tyskarane. Nokre snakka meir og var meir på lag, andre var mutte og tagale. *Men dei tyske soldatane hadde folk over seg som dei måtte lyda*, seier Tomas. Heilt på slutten av krigen vart Tomas saman med andre norske plas-

serte på det som vart kalla Baustelle Sandve. Gaurudlå er det lokale namnet. Her skulle dei laga kanonstillingar og grava skyttargraver. På fritida spelte dei fotball, eit tysk lag mot eit norsk. Det seier og noko om at motsetningane ikkje kunne vera så harde når dei kunne få det til. *Dei var i grunnen ganske greie*, seier Tomas. Han fortel også om ein av dei tyske soldatane som budde på Varhaug og kom med motorsykkel til Sandve. Midt på dagen tok tyskaren ut og kjørte til Øvra bygdå der han fekk kjøpa egg på ein gard. Desse brukte han seinare til å halda seg inne med dei tyske offiserane.

Både Tomas og Trygve fortel om at dei både prøvde å lura seg unna arbeidet i Grøftå, og juksa når dei kunne få det til. Namnet Grøftå vert brukt både om det området der Hitler-tennene står, og om den djupe grøfta som karane grov, og som strekkjer seg vidare nordover vest for Kvalbeinskogen. Når vaktene snudde ryggen til, hende det at dei slengde ein heil sekk med sement inn i betongblandaren. Og ikkje alle steinane dei sette opp som vern mot invasjon frå havet, stod like støtt. Ein episode var då ein tysk offiser sette foten på ein stein. Denne stod så ustøtt at han velta. Offiseren vart rasande og vifta med pistolen. Då var dei redde for at det skulle gå liv tapt. Trygve fortel også om ein gong dei fekk ordre om å spikra noko i ein bunkers. Det brukte dei ein heil pakke på. Tyskaren vart sint og sa *fünf Nadeln ist genug*, fem spikrar er nok.

ARBEIDET MED HITLERTENNENE

Og nå er me inne på arbeidet i Grøftå som gjekk føre seg frå vinteren 1942 til krigen var slutt. Hitler-ten-



Tysk offiser inspirerer arbeidet med Grøftå mellom Kvalbein og Brusand. Foto: Sven Stokkeland, *Hå folkebibliotek

nene var ein del av Festung Norwegen, tyskarane sitt forsvar mot invasjon frå sjøen. Festung Norwegen var ein del av Atlanterhavsvollen som strekte seg fra Finnmark i nord og like sør til Frankrike. Denne vollen er det altså tydelege spor etter framleis. Små støypte blokker står langs fylkesveg 44 frå Steinabakken nord for Brusand og sør til Varden der Ogna camping ligg nå. Nærast vegen står to rekkjer med støypte blokker, og utanfor der to rekkjer med skotne natursteinar. Nord for Steinabakken og på vestsida av Kvalbeinskogen kan ein framleis sjå den djupe grøfta som dette tvangsarbeidet fekk namn etter. Tanken var at Grøftå skulle vera 8 – 10 meter djup og dermed hindra tanks og kanonar å koma fram. Og går ein vidare nordover,

finn ein framleis fleire bunkersar og skyttergraver som tyskarane bygde på toppen av Ørnakulå. Dette er eit område som ligg vest for Jærgarden Kvalbein, og like ovanfor sandkulene langs stranda.

I byrjinga var det mest folk frå Brusand og Vigrestad som arbeidde i Grøftå. Seinare kom det folk både frå Stavanger og Egersund. Tomas meinte det var *dei minst viktige* som var innkalla til dette arbeidet. Etter hans mening var arbeidet like mykje eit sysselsetjingstiltak som det var forsvarsarbeid. Sjølv var han fiskar utan båt, og frå Vigrestad kom det mange møbelsnekkarar. Fordi han var fiskar, fekk han permisjon for å vera med på sildefisket kvar vinter. Det gav han ein ekstra kvote med kaffi og tobakk. Tyskarane hadde nok ei forvent-



Hitlertennene på Brusand med ei jente i sommarkjole. Foto: Ukjent, *Hå folkebibliotek.

ning om å få sild i retur, men det fekk dei ikkje.

Ein gjeng frå Dalane vart plasserte i steinbrotet i Varden for å hogga Steinane vart frakta på ein smalspora skjenegang som gjekk frå Varden og nordover Brusanden til Steinabakken. På det meste arbeidde fleire hundre mann i Grøftå. Folk budde overalt: i skulehuset, på bedehuset og på ungdomshuset, og nokre budde også i private heimar. Bøndene måtte i periodar og særleg i den kalde årstida, låna ut hestane sine til tyskarane. Hestane vart brukte både til arbeidet i Grøftå og til andre transportoppdrag.

Eit av mine eigne minne frå denne tida er at tyskarane

hadde kanonstillingar mellom Hitlertennene og skaut på blink mot store, kvite papirblinkar som stod langs strandkanten. Det var øvingsskyting. Eg sat på spisebordet i stova heime og hørde på dundringa av kanonane. Eg trur ikkje eg var redd, for dei skaut jo mot sjøen. Men dei kunne kanskje spart seg desse øvingane, for det kom aldri nokon invasjon over strendene her. Den store invasjonen av allierte styrkar kom lenger sør, i Normandie i Frankrike. Den invasjonen var innleiinga til slutten på den 2. verdskriga.

Eit anna minne er at far min, Elias, som hadde drivhus på heimehustomta, dyrka tobakksplanter der. Ein gong bytte han til seg ein skrivemaskin. Det var ein Re-

mington i fullt brukbar stand både under krigen og til dei selde butikken i 1972. Peder Stokkeland som budde på loftet hos oss med familien sin, brukte også tobakk som byttemiddel. Og han lurte seg til å røykja litt sjølv når han trudde at ingen såg han. Men little meg såg ein gong han røykte inne på kjøkkenet i andre etasjen. Han prøvde å gøyma seg vekk under ei steikepanne.

EI TRAGISK ULUKKE

Eg har også minne om ei tragisk ulukke som hende på ettervinteren i 1945. Det hadde samband med minefeltet som låg på heile Brusanden fra Varden og nordover til Kvalbein. Minefeltet var ein del av Festung Norwegen. Kom du borti ein snubletråd, så small det. Ein mann fra Brusand som heitte Lars Ånestad hadde fått lov til å gå opp ein sti gjennom minefeltet og til sjøen. Han var djupt religiøs, og trudde seg kanskje verna av Vår Herre sidan han kunne gå gjennom minefeltet utan at ei mine gjekk av. Men ein gong må han ha tråkka feil. Ånestad vart liggjande i lang tid, kanskje eit par dagar, før dei bar han til folk. Då hadde han fått lungebetennelse og døydde. Eg har sjølv eit svakt minne om dette: I grålysinga ein regntung morgen mot slutten av krigen kom dei berande med ein mann på ei båre forbi huset vårt som låg like ved vegen. Det var han Lars Ånestad. Etter krigen måtte tyskarane sjølv leita opp og fjerna minene.

DEN DRAMATISKE HISTORIA OM MOTSTANDSMANNEN LIVAR STORHAUG FRÅ KLEPP

Livar Storhaug var direktør ved Kyllingstad plogfabrikk og leiar for Klepp Milorg. Ein dag i mars 1945 sat han

på kontoret sitt då telefonen ringde og varsla han om at Gestapo truleg var på sporet av han. Han ante uråd og forlet straks kontoret. På ein lånt sykkel kom han seg unna tyskarane som hadde omringa det gamle herads-huset i Kleppekrossen. Etter kvart kom han sørover og søkte først tilflukt hos Ludvig Hetland i Øvra Bygdå aust for Brusand. Ludvig hadde ei beinmølle. Dette var ein liten fabrikk der han mol opp opp etter daude dyr til dyrefor. I denne mølla fekk Livar skjula seg nokre dagar.

Men Livar var framleis redd for at tyskarane skulle finna han der. Under krigen var det dødsstraff for å ha ettersøkte personar i huset, og han søkte etter ein stad der han kunne vera tryggare enn i beinmølla til Ludvig. Løysinga vart ei hytte i Rabaliå vest i Ognahøia, ikkje langt frå garden Ualand. Det var driftsstyrar ved elektrisitetsverket på Hetland, Christian Nielsen som åtte hytta. Han og Storhaug var vener og kjende.

Det var Gabriel, bror til Ludvig, som fylgte Livar til hytta i Ognahøia. Dei starta grytidleg om morgonen kl 0430 for å koma forbi Tovdal før det vart lyst. Dei var framme ved hytta kl 1030 etter ein lang marsj. Eit kvarter seinare kom Christian og Reidar Nielsen med nøklar og proviant og nødvendige instruksjonar for opphaldet, slik dei hadde avtalt. Storhaug var i hytta frå 3. april til 7. mai i 1945. Opphaldet i hytta var ikkje utan dramatikk. Livar Storhaug har sjølv skildra desse dagane i hytteboka til Nielsen. Han var i Rabaliå på nytt tre dagar i juli 1946. Om dei dramatiske dagane i hytta året før skriv han blant anna:

Efter instruksen skulle jeg holde meg inne i stygveir, onsdag og torsdag var jeg derfor inne. Torsdag 5. april min 3. dag i Eikli hadde jeg lagt meg i øverste køye og



Berta Nielsen framfor hytta i Rabaliå. Døra me ser på biletet var den som tyskarane rista i.

Foto: Ukjent, * i privat eige.



Livar Storhaug i ura ovanom hytta i Rabaliå. Biletet er teke i 1945 medan han var i dekning.

Foto: Egil Kjell Nielsen, * i privat eige.

leste. Omkring kl 11.00 hørte jeg støy utenfor. Leserne kan tenke seg min følelse da jeg oppdager 7 bevæpnede tyskere utenfor porten. De blev fordelt rundt hytta og noen stod klar til skudd med sine maskinpistoler. De rev og slet i vinduene. De lirket på begge dørene og en skrek glede-strålende da han fikk opp låsen til hoved-døren. Heldig-

vis var der gammel smekklås på innsiden. Tyskeren la skulderen til 3 ganger. Mitt hjerte arbeidet hurtigere enn vanlig og jeg tenkte merkelig nok på hypnose og sa lavt: Gehen, gehen, gehen. En tysker som var på det øverste vindu sa: Es schlaf ein mann imbett. Jeg forsatte: Gehen, gehen ... og hører en skrike og kalle dem sammen

og de gikk merkelig nok. Jeg var ikke sen om å luske meg ut og opp i skogen. Den neste dag kom de tilbake og det samme gjentok seg utenfor, men jeg satt i skråningen ca. 70 – 80 m ovenfor hytta, godt skjult og så på dem.

I hytteboka (som framleis er i familien Nielsen sitt eige. Nå er det barnebarnet til Christian, Rolf Ove som tek vare på boka) fortel Livar at Christian Nielsen og sønene Reidar og Egil Kjell kom med mat til han i hytta. Folk i bygda mumla om at laksen i Ognaelva kom tidleg det året sidan dei tre karane var så tittgjengde til Rabaliå. Mesteparten av tida oppholdt Livar seg i ei ur eit godt stykke oppi skogen. Derifrå kunne han sjå om det var trafikk ved hytta. Og når dei tre Nielsen-karane hadde vore oppe med mat, la dei eit kvitt håndkle på hyttetaket. Det var ingen andre som visste om Livar i Rabaliå under krigen enn dei tre Nielsen-karane pluss kona til Reidar, Berta, som steikte brød til han. Mjøl til brødet fekk ho truleg frå heimegarden Neset på Fuglestad. Berta var dotter til Ole og Pauline Fuglestad.

SKOTET I KLOKKA I HOMSE

Det er også ei hending frå garden Homse som vert fortalt i boka Folkeminne frå Ognheiå. Det var Gabriel som då var bonde på Homsegarden, og han hadde ei gammal munnladningsbørse. Det kom tyskarar på inspeksjon, og dei fann børsa. Ein av dei stod og fikla med henne. Han spurde om børsa var ladd, og Gabriel meinte at det var ho ikkje. Tyskaren sikta mot klokka som hang på veggen og trekte av. Då small skotet, rett over hovudet på ein annan tyskar. *Eg fekk bara ein fod i rauå og ud igjøna dørene, fortalte Gabriel seinare.*



Egil Kjell og Reidar Kjell Nielsen som var med faren Christian då dei gjekk med mat til Livar Storhaug. Her har dei vore på laksefiske i Ognaelva, ca 1940. Foto: Christian Nielsen, * i privat eige.

Han vart både slått og sparka, og teken med til arresten i Eigersund. Han kom for retten, og dommaren spurde om det var så at børsa var ladd. *Jau, dæ var likt til dæ, svara Gabriel. Han fekk 50 kroner i bot eller tilsvarande fengselsopphald. Den gjennomskotne klokka vart seinare sett i stand att.*

SÅ KOM FREDEN

Magnus Fjellheim fortel i boka Folkeminne frå Ogsaheiå, at han hugsa godt morgonen den 9. april 1940 då dei tyske flya flaug inn over landet. Han talde 10 stk., *høgt oppe og i tett fylge stemnde dei mot nord*. Han hugsa også 8. mai 1945. Brått stod det ein tyskar med sykkel i tunet. Han såg trist og miserabel ut. *Bukseknea var loslitne*, fortel Magnus, *og til og med hakekorset over høgre brystlomme var mykje falma. Niks egg her*, var mora til Magnus rask til å informera tyskaren om. Dette var det vanlegaste ærendet slike einstøingar hadde. *Nu er den krig snart slutt*, repliserte tyskaren og slo ut med venstre armen. *Dermed var det tyskaren som fekk bodbera den gladaste bodskapen me kunne få*, fortel Magnus. Og mora vart så glad at ho serverte karen smørbrød med speilegg. Det var ikkje kvardagskost der i garden.

Morgonens maisol lyste ven og skapte reine idyllen i tunet vårt, fortel Magnus Fjellheim om denne dagen. Han var då fjorten år. Skrivaren av denne teksten var seks år, og same solvarme maidagen i 1945 kom eg gåande langs jernbanelina frå Kverme mot Brusand. Eg hadde vore på Kverme og leika med nokre av ungane der. Då eg kom fram til Brusand stasjon, såg eg det hadde samla seg mykje folk. Dei stod på sørsida av huset og tok imot radioapparat som tyskarane hadde lagt beslag på. Radioane var lagra i den søre skuten i jernbanebygget. Seinare fekk eg vita av Tomas Stokkeland at det å bryta opp døra til dette romet, hadde vore ein test på om krigen var slutt. For folk var usikre. Dei kunne mest ikkjetru at fem års mørketid var over, og dei nølte med å sleppa jubelen laus. Men så var det eit

klokt hovud som kom på tanken om å brekka opp døra og ta ut radioane. Og ingen tyske soldatar kom og sa *Verboten!* Dermed våga dei å tru på at det var sant. Dei greip radioen og sprang heim. Og noko av det fyrste dei gjorde, var å riva ned dei forhatte, svarte blendingsgardina, samla dei i ein haug i gardsromet og tenna på. Og medan blendingsgardina brann, kunne dei endeleg sleppa til glede over at fem års mareritt var over.

Margit Sirevåg fortel: *Den dagen krigen var slutt, sprang han far opp og ned på loftet*. Du veit dei fekk bare nyheter på engelsk, og han far hadde vore i Amerika og kunne språket. Og han Kjell sa: *Er du sikker, er du heilt sikker på at krigen er slutt?* Han fekk ja til svar, og då heiste dei flaget. Straks etter ringde telefonen. Det var fru Monsen: *Hva er det dere flagger for? Krigen er slutt*, svara Margit. Det var stor stas. Dette var den 7. mai. Freden vart ikkje endeleg stadfesta før dagen etter, den 8. mai. Då for folk avstad til Brusand for å henta radioane sine, og dei kunne lytta på radioen ope og ærleg.

Der var strålande andlet over alt. Og dei kunne sei til seg sjølv og alle andre at nå var krigen slutt både på Brusand, Ogsa og i Sirevåg og alle andre stader. Og dei kjørte rundt med bilane sine med folk på lasteplanet som skråla og ropa og swinga med flasker. Og hos Jaarvik på Ogsa kunne dei stella til fest. Margit fortel at i gangen på krambunga denne dagen stod det ein mann frå Egersund. Han var motstandsmann og hadde gøynt seg i heia. Og så hadde han hørt nyss om at krigen var slutt. Var det sant? Ja, *det er sant! Og her inne feirar me med det vesle me har av kakemat. Og er det nokon som fortener kake, så er det du. Kom inn!*

På Brusand kom det eit lite fly frå vest ein av dei første fredsdagane. Det flaug lågt over Bjårvatnet og slepte ned noko som likna på snop. Folk var elleville og vassa til knes med skoa på for å få tak i dei dyrebare godsakene. Der var det visst både drops og sjokolade.

Etter kvart stilna feiringa av, men eit fenomen hugsar eg godt: Fredsmarsjen. Over heile landet vart det arrangert marsjar for å feira at freden var komein. Fredsmarsjen på Brusand gjekk frå bensinstasjonen til Eilert og Karen Berland og til kyrkja på Ogsa. Det var ein varm sommardag og karane gjekk med oppbretta skjorteermar. Eg hugsar at far min, Elias, var ein av dei som gjekk. Han og alle andre som deltok, fekk eit merke til å festa på jakken, fredsmarsjmerket.

Av meir langvarige etterverknader av krigen var å sprengja dei mange minene som låg og flaut i sjøen. *Drevende mine observert, sekstitre grader og to minutter nord, tre grader og fire minutter øst.* Slike meldingar i radioen var vanlege den fyrste tida etter krigen. Dersom



Ei stranda drivmine. Foto: Ukjent, *Hå folkebibliotek.

den mineliknande gjenstanden var i vårt område, kunne me sjå eit norsk marinefartøy sprengja mina i lufta så vassøyla stod høgt til vers i Ognabukta. Straks etter kom fiskeskøyteane fra Sirevåg tøffande ut frå hamna for å plukka opp daud fisk. Me som budde på Brusand, kunne fylgja operasjonen frå verandaen på meieriet.

KRIGAR VARER LENGE ETTER AT DEI TEK SLUTT


Ein krig med fem års okkupasjon er ei krisetid for land og folk. I slike periodar vert både folk og enkeltpersonar sette på prøve. Ein må velja kven ein skal halda med, og korleis ein skal klara seg gjennom dagane. I denne artikkelen har eg prøvt å skildra nokre sider ved desse krigsåra slik folk i våre lokalsamfunn opplevde dei. Ein krig set djupe spor, og i folk sine minne varer ein krig lenge etter at han tok slutt.

LITTERATURLISTE

- Risa, Lisabet 1990: *Bilete frå Hå. Folk og miljø 1860 – 1950.* Kulturetaten i Hå.
- Tjåland, Johan 2004: *Øvra Bygdå. Folket og eigedomane gjennom dei siste 500 åra.* Eige forlag, Matningsdal 2004.
- Øyri, Audun 2000 og 2004: *Folkeminne frå Ogsaheiå 1 og 2. Eit dugnadsarbeid.* Eige forlag.

MUNNLEGE KJELDER

- Berit Bøe, født Svanes, 1954–
Ivar Jaarvik, 1955–
Reidun Kvæ, født Nielsen, 1944–
Trygve Omland i kortfilm på Youtube under overskrifta Brusand.
Margit Sirevåg, født Jaarvik, 1922–
Tomas Stokkeland, 1922–2017



Realistiske utopiar


- Jæren i eit planhistorisk perspektiv

EVEN SMITH WERGELAND

Dobbeltspor heilt til Nærbø? Snøggbåtar i staden for tunnelar? Full utbyggingsstopp på heile Sør-Jæren? Ei indre jernbanelinje frå Vikeså til Ålgård? Den jærske planhistoria er full av djerve visjonar, kor av somme har vorte ein realitet medan andre ligg i det uto-piske arkivet, anten til evig tid eller i påvente av visjonære krefter som kan revitalisere det som ein gong i tida verka som ein framtidssretta idé. I denne artikkelen ser Even Smith Wergeland nærmare på eit utval overordna planar frå etterkrigstida og framover, med særleg vekt på regionalplanar.

INNLEIING

Den første heilskaplege regionalplanen, *Regionplan Jæren 1971*, vart lagt fram i 1972. Mellom denne og vår eiga tid ligg ei uhyre interessant endringshistorie som har fått konsekvensar for det meste, frå utviklinga av



Forsida av Regionplan Jæren [Regionplankontoret for Jæren, 1972].

landbruket via plassering av utdanningsinstitusjonar til utforming av byar og tettstader. Jæren er ganske enkelt ikkje det same i dag som i 1972. Samstundes er det mange raude trådar og diskusjonar som gjentek seg. Grensene mellom by og land var tydelegare på 70-talet, men spørsmålet om jordvern versus utbygging er stadig like aktuelt. *Regionplan Jæren 1971* skapte eit av dei første sykkelnettverka i Noreg, men bilkulturen er framleis ei markant motvekt til grøne transportalternativ. Skal vi handle i sentrum eller på kjøpesenter? Spørsmålet er like komplisert i dag som i 1965, då plankontoret Andersson & Skjånes A/S (seinare kjend som Asplan, i dag Asplan Viak) la fram *Forslag til regionplan for Nord-Jæren*. Det same gjeld spørsmålet om konsentrert eller spreidd utbygging, dei to diametrale motsetnadene innan by- og tettstadsutvikling. På Jæren har begge variantar gjort seg gjeldande. Ikkje noko høghus på Bryne utan kompakt utvikling, ikkje noko Lyefjell utan desentralisert utvikling. Dette og meir til kjem eg tilbake til. Men først litt om kva ein regionalplan er, og korleis slike planar har vorte utvikla på Jæren.

KVA ER EIN REGIONALPLAN?

Den svenska arkitekten Bengt Östnäs hadde svaret klart i 1964: *En får två eller flera kommuner gemensam översiktsplan, som upprättas för att lösa ett eller flera planproblem*. Det handlar altså om oversikt, koordinering og problemløysing over eit større planjuridisk territorium. Östnäs skrev dette midt på 1960-talet, starten på den såkalla *gullalderen* for re-

gionalplanlegging i Norden, då fleire av landa, Noreg inkludert, lanserte nye lovverk som gav regionalplanlegging formell myndighet. Definisjonen til Östnäs gir stadig mening, sjølv om regionalplanar har teke ulike former til ulike tider.


Som planfagleg fenomen går det tilbake til mellomkrigstida, då ein fekk internasjonale organisasjonar som Regional Planning Association of America (1923) og tilsvarande samskipnader i Europa. Spranget frå byplanlegging til regionalplanlegging kan forklarast ut frå den eksplorative folkeveksten som mange storbyar hadde opplevd frå andre halvdel av 1800-talet og inn på 1900-talet. Mange byar gjekk frå å vere avgrensa urbane soner til utflytande metropolar, som igjen skapte storbyregionar – byar som var i ferd med å vekse saman. I dei fleste land var det slik at dei lokale styresmaktene berre kunne regulere og planleggje innanfor sitt eige territorium. Ein freista å halde kontroll på byvekst ved å utvide kommune- og bygrensene, men i mange tilfelle gjekk veksten så raskt at det ikkje var muleg å halde tritt. Dette skapte store utfordringar i form av därleg kvalitet på utbygginga, lite koordinert infrastruktur og mangel på elementære ting som vatn og kloakk – akutte behov som no måtte løysast ved hjelp av nye strategiar.

Regionalplanar vart dermed det nye håpet innan planprofesjonen. Det første dømet i norsk samanheng er *Generalplan av 1929 for Stor-Oslo*. Dåverande byplansjef i Oslo, Harald Hals, lagde denne planen i samarbeid med nabokommunane Aker, Bærum og Asker. Det var ein byplan for Oslo, men den hadde regionale ambisjonar. Hals skjøna at Oslo ikkje kunne vere seg

sjølv nok lenger. Visse prioriteringar, som plassering av store vegar og institusjonar, ville påverke omlandet. Like eins ville omlandet sin politikk med tanke på handel, næring, bustadutvikling og arbeidsplassar kunne påverke Oslo. Tanken var at ein felles regionalplan både ville kunne styrke samhandlinga og reindyrke dei spesielle områda som kvar kommune var gode på. Det var aldri snakk om einsretting basert på den største aktøren sine behov, sjølv om det i praksis ofte har vore eit dilemma, ikkje minst på Jæren, som eg kjem nærrare tilbake til.

JÆRSK REGIONALPLANLEGGING

Den som best har skildra opphavet og utviklinga til regionalplanlegging på Jæren er tidlegare regionalplansjef Unnleiv Bergsgard. Han har delt historia inn i fem trinn. Først ei fase som Bergsgard kallar forspel/demring, som involverte eit interkommunalt plansamarbeid som vart kartfesta i 1937, ein distriktsreguleringsplan utvikla under krigen av ingeniør Gjert Edvard Bonde, og opprettning av ei samarbeidsnemnd i 1952. Dernest 1. Akt, som rommar *Forslag til regionplan for Nord-Jæren* (1965) og *Forusplanen* (1962–66). Begge var viktige, men planen for Forus var nok den som fekk mest direkte innverknad, ettersom Forus i stor grad vart bygd ut i tråd med denne. 2. Akt i utviklinga er den mest produktive perioden, som byrjar med etableringa av Jæren regionplankontor (1966) og Jæren regionplanråd (1966), oppnemning av Bergsgard som regionalplansjef, og kulminasjonen av alt dette i form av *Regionplan Jæren 1971* (1972), den første heilskaplege



Reguleringsplan for Forus som vist i dokumentet Forus Industriområde (Hultberg, Resen, Throne-Holst & Boguslawski AS/Forus Industritomteselskap, 1973).



Flyfoto av dagens Forus.
Foto: Forus Næringspark AS.

regionalplanen for Jæren. Det var ein tilfreds og ikkje så reint lite stolt regionalplansjef som presenterte denne planen i det nasjonale arkitekturtidsskriftet *Byggekunst* i 1971 under tittelen *Et lite stykke planhistorie*. Framtida såg løfterik og progressiv ut.

Men problema tårna seg snart opp, både for planen og regionalplansjefen i den perioden han kallar 3. Akt. Allereie då planen var ute på sirkulasjon i 1972 kom kritikken, frå fleire hald. Kommunane på Sør-Jæren meinte at den var alt for Stavanger/Sandnes-dominert, medan Stavanger/Sandnes ikkje eigentleg var så veldig interessert i å bry seg med utviklinga og utfordringane lenger sør. Det har alltid vore vanskeleg å få jærkommunane til å trekke i same retning, dels fordi det er svært ulike behov i omløp, dels på grunn av det Bergsgard

omtalar som eit *storebrorkompleks*, i dobbel forstand: Stavanger vil helst styre sjølv. Sør-Jæren er tilsvarende skeptisk til overstyring nordfrå. Dette synte seg allereie i 1952, då det var fleire kommunar som avsto frå å delta i den samarbeidsnemnda som då vart skipa. Dette er årsaka til at planarbeidet til Andersson & Skjånes A/S måtte avgrense seg til Nord-Jæren. I seinare tid har vi sett ulike variantar av dette, ikkje minst i samband med den pågåande debatten om bompengar. I sum førte desse motsetnadene til at regionalplanarbeidet utgjekk i løpet av 70-talet, nærast før det hadde starta.

Men ein heldt likevel fram med å tenkje overordna om den regionale utviklinga. I det Bergsgard kallar 4. Akt kjem etableringa av Jæren planleggingsråd (1984) og Jæren utviklingsselskap (1986). Dette skjer i ei tid då

heile det norske forvaltningssystemet endrar karakter, frå totalplanlegging til rådgjevande styring av prosesser, som igjen heng saman med ei bølgje av økonomisk liberalisering. Denne endringa skjedde på bakgrunn av den kritikken som regionalplanene frå 70-talet hadde blitt møtt med: Manglande kontakt mellom innhaldet i regionalplanane og politiske, praktiske og økonomiske realitetar. Det hadde synt seg, måtte Bergsgard innrømme, at totalplanmodellen var alt for ambisiøs: *Et slikt planarbeid er i realiteten uoverkommelig.* [...] Regionplan Jæren 1971 markerte den *rasjonalistiske eller synoptiske planleggingens havari*.

NORD MOT SØR

Å kalle den jærske planhistoria fram til 1990-talet for eit «havari» kjem sjølv sagt an på perspektivet. For ein fagmann som ikkje heilt hadde lukkast slik han håpa, på vegne av planprofesjonen, var det naturleg for Bergsgard å servere ein dyster konklusjon. Han er slett ikkje den einaste som har vore frustrert grunna mangel på gjennomslagskraft i norsk planlegging. Tittelen på denne teksten er henta frå ein innfløkt og langvarig diskusjon i det norske plan- og arkitekturmiljøet i etterkrigstida, då mange etterlyste meir konkrete og gjennomførbare planar. Under eit debattmøte i Oslo Arkitektforening i 1958 lanserte arkitekt Frode Rinnan omgrepet «realistisk utopi», fordi han meinte å kunne sjå ei utvikling bort frå det heilt unrealistiske og over mot det realiserbare. Det er eit omgrep som passer godt til dei jærske regionalplanane, som absolutt hadde utopiske innslag, men som også romma

mange av dei store prosjekta som etter kvart har vorte ein realitet: Forusområdet, Universitetet i Stavanger og dobbeltspora jernbane figurerer alle i *Regionplan Jæren 1971*. Det har teke tid, det vart ikkje nøyaktig som planlagt, men det har skjedd.

Når vi no ser tilbake på same periode som Bergsgard summerte opp i 1992, er det lettare å sjå verdien av det heile, både med tanke på positive prosjekt som faktisk vart gjennomført – til dømes det store gang- og sykkelnettverket i *Regionalplan Jæren 1971* – og regionalplanhistoria som ei kjelde til å forstå jærsk identitet så vel som dagens tilstand i regionen. Dei jærske regionalplanane stiller faktisk ein veldig bra diagnose på mange område, som gjer det enklare å forstå kven vi, jærbuane, er, og kvifor utviklinga har vorte som den har vorte.

Eit særsviktig punkt i så måte er dei allereie omtalte skiljelinjene mellom nord og sør. I mange land og byar går det eit skilje mellom aust og vest. Aust- og Vest-Tyskland, Austkanten og Vestkanten i Oslo, East End og West End i London, East Side og West Side i New York City, for å nemne nokre. Dette handlar ofte om sosiale og økonomiske skilnader, som igjen kjem til uttrykk gjennom kulturelle forhold. Slike territoriale skiljelinjer er så viktige at det har blitt oppretta ei eiga grein innanfor geografisk forsking, *borderologi*, som kort sagt dreier seg om å forstå korleis stadsidentitet blir forma av konfliktar og dialogar på kryss og tvers av nasjonale, regionale og lokale grenser.

På Jæren går den definande grensa mellom nord og sør i staden for aust og vest. Planhistoria viser at det periodevis har vore sterke interessemotsetnader mel-

lom Nord-Jæren og Sør-Jæren. På eit overordna nivå handlar det om jærsk identitet – er det tradisjonelle Nord-Jæren, med Randaberg, Stavanger, Sandnes og Sola, eigentleg ein del av Jæren? Går det an å kalle folk som bur nord for Skjævelandsbrua for jærbuar? Ein del folk sør for denne brua vil vere lite viljuge til å innlemme dei nordfrå i kategorien *jærbu*, og ein del nordfrå vil ha vondt for å assosiere seg med bondelandet på Sør-Jæren. Som om dette ikkje er komplisert nok, kjem i tillegg dei indre bygdene Figgjo, Ålgård og Oltedal, som i plansamanheng inngår i Jæren. I eit folkeleg perspektiv vil dette til nauds kvalifisere som Høg-Jæren. I gjeldande regionalplan, *Regionalplan Jæren 2050*, går Jæren langt inn i Ryfylke og ut på øyane nord for Stavanger. Den regionale kulturgeografin er altså meir samansett enn nokon gong før.

På 1960- og 70-talet var det utvilsamt nord mot sør som utgjorde frontane i den regionale planlegginga, som svarte og kvite brikker i eit intrikat sjakkparti. Dette handla om bestemte forhold som regionalplanane freista å handsame. Eit kontroversielt punkt i så måte er fordeling av handel og næring. Både *Forslag til regionplan for Nord-Jæren* og *Regionplan Jæren 1971* la opp til eit markant skilje mellom dei eksisterande handelsbyane i nord, dvs. Stavanger og Sandnes, og bygdebyane i sør, som ikkje skulle få lov å drive handel i same utstrekning. Dette gav meinung ut frå den utviklinga ein såg den gongen. Det var allereie ei utfordring at Sandnes konkurrerte med Stavanger, som opplevde at den prosentvise handelsdominansen skrumpa nokså hurtig, og regionplankontoret såg føre seg eit

skrekksenario der alle i verste fall utkonkurrerte kvarandre. Dermed vart forslaget å stimulere handelen der den allereie var sterk, skape ein symbiose mellom Stavanger og Sandnes, og satse på at rådande vilkår ville vere tilstrekkeleg lenger sør, så lenge dei fekk drive med andre inntektsbringande verksemder.

For medan nord skulle styrke handel, næring og industri, skulle sør først og fremst vere eit jordbruksområde. Dette var heilt klart i tråd med signala frå dei aktuelle kommunane, og ei viktig sak å kjempe i så måte var jordvern. At regionalplanen la opp til å strupe vekst i handel vart sjølv sagt teke i mot med negativ respons, men det var absolutt glede å spore då ein fann ut at jordvernet var noko av det som sto sterkest i den overordna arealpolitikken. Jordvernet avgrensa seg ikkje berre til Sør-Jæren, men hadde også stor innverknad i Sola og Randberg, der det også var mykje landbruk. I dette ser ein også noko av det som verkeleg gjer Jæren til eitt område, på trass av nord/sør-konflikten: Landskap og naturressursar, i kombinasjon med språket, vert framheva som det store bindeleddet – det som gjer Jæren til Jæren, i motsetnad til andre deler av Rogaland. Det var på ingen måte tilfeldig at nettopp landskap og natur fekk ein eigen, meir utfyllande regional rapport i etterkant av *Regionplan Jæren 1971*.

BY, BYGD ELLER BYGDEBY?

I byen rår forretningssynet, i bygda rår bondesynet. Det er då rimeleg at bygda og byen kan koma til å sjå og døma på kvar sin måte – både i små og store saker som heradet lyt ta seg av. Når då desse sakene i serleg grad

vedkjem byen og dei som lever der, so skal ingen undrast på at dei vert orsak til misnøgje i bygningskommunen, og at dei skaper strid millom byen og landet.

Sjølv om det også er mykje samhandling mellom nord og sør, kjem forskjellane til syne så snart ein kjem inn på spesifikke tema. Få ting ber meir vitne om dette enn busetnadsmönsteret. Som sitatet over fortel, har Jæren historisk sett vore kjenneteikna av eit markant skilje mellom by og bygd. Dette handlar om at busetnadene på Jæren har vorte sterkt prega av to ting: Prioriteringa av dei store byane som byar, samt det strenge jordvernet. Dette har medført konsentrert fortetting og *bymessig vekst* i Stavanger og Sandnes, medan tettstadene elles på Jæren har stått meir stille. Alternativt har dei takla folkeauke ved å byggje heilt nye bustadområde langt utanfor den etablerte bygesona, som eg kjem tilbake til. Denne utviklinga var direkte forårsaka av panikken rundt *Byenes og tettstedenes enormt stigende arealforbruk*, som var ei generell bekymring landet over – derav behovet for regionalplanar – men særleg sterkt på Jæren, på grunn av det verdifulle jordsmonnet.

Allereie i 1907 skrev Garborg i dagboka at han ønskete å bli hauglagd i Knudaheio: «Eg vil plante ein Lund. Og i den Lunden vil eg ein Gong reise meg ein Haug; i den vert eg lagd naar eg er ferdug; der bur eg daa sidan og er Skogvord for Jæren.¹ Då Arne Garborg døydde, tilbaud Hulda Garborg Time kommune å overta Knudaheio, mot at Time mållag fekk nytta huset og det vart reist ein haug i hagen med Garborgs urne i. Heradsstyret vedtok samråystes å ta imot gåva etter Hulda sine vilkår.

Det var svært uvanleg å bli gravlagd i eigen hage. I Noreg var det berre blitt gjort nokre få gonger tidlegare, blant anna Edvard Grieg på Troldhaugen. Det var kongen i statsråd som gav løyve til at Garborgs urne kunne setjast i haug i Knudaheio, og det kunne tolkast som ei forventning om at Knudaheio for alltid skulle vera ein verna stad.

Med hauglegginga i Knudaheio gav familien diktaren tilbake til Jæren. Gravhaugen sikra samstundes ein varig minnestad for Arne Garborg. Då Hulda Garborg døydde i 1934, opna Time kommune opp for at ho skulle få delamanns haug dersom familien ønskte det. Sonen Tuften takka ja til tilboden. I eit brev til familievennen Eivind Hognestad skreiv han at mora si oske òg burde kvila i Knudaheio som høyrer til i eit fylke, som hev funne vegen heimatt til seg sjølv og sagt ja til det som for mor og far var eit livsspursmål: norsk mål.²

NEDSETTING AV HULDA GARBORGOS OSKE

Ti år etter at Arne Garborgs urne vart køyrd opp Knudaheibakken, kom andre bilar opp same vegen. Tuften hadde bede om at det skulle vera ein lukka seremoni. Gravfølget bestod av den nærmaste familien og nære venner, ordførar og formannskapet i Time kommune, styret i Time mållag, rektor ved Rogaland landsgymnas og forfattar Theodor Dahl. Sistnemnde skreiv om hauglegginga i avis Stavangeren:

Den vesle flokken gikk stille bort til Knudaheio. En bar Hulda Garborgs askeurne gjemt. [Tuften] Garborg gikk bøid og taus. Han sa en gang: «Å nei som trærne har vokset her. Det skulle far ha sett. Han ville blitt glad. [...] Han gik opp på haugen og satte urnen ned. Under stor stilhet hos de som stod kringom. Det er somme tider tausheten har den sterkeste talen. [...] Fra Knudaheio reiste Garborgfolkene til Garborggården for å se heimen der. Og etterpå vilde de til Time kirkegård og se om graven til Eivind Garborg og legge på den noe av blommene som las på haugen i Knudaheio.³





Hulda Garborgs urnenedsetting.
Sonen Tuften er nummer tre f.v.
*Foto: Jonas Jørstad, *Time kommune.*



Rogaland landsgymnas (seinare Bryne gymnas) nyttar ikkje berre Arne Garborgs sommarstove til utfluktsmål for nye elevar. I nærmere femti år reiste avgangselevane til Knudaheio etter examen artium, der dei blei feira som studentar. Det årvisse ritualet vart kalla studentdåpen. Studentdåpen tok til då det første kullet vart uteksaminert i 1928, og tradisjonen heldt seg heilt til 1975. På bildet har avgangselevane frå 1951 framleis russeluene på hovudet. Studentluene ligg i dei kvite øskjene.

Foto: Svein Inge Årrestad.



Nyklekte studentar i Knudhaio i 1951. Øskjene som studentluene låg i, er blitt til kaffibord. Svein Inge Årrestad i framgrunnen. Studentdåpen gjekk ikkje nødvendigvis føre seg på same måte kvart einaste år, men nokre sentrale element gjekk igjen. Berre dei som hadde stått til eksamen kunne vera med på studentdåpen. Rektor eller ein lektor tala til dei nye studentane, og så skifta ein frå russelue til studentlue. Den latinske studentsongen *Gaudeamus igitur* blei sungen, og seremonien slutta med signering av gjesteboka i Knudhaio.

Foto: *Svein Inge Årrestad.





NOTAR

- ¹ Garborg 1925:2
² Reime 2003:11
³ Stavangeren 26.6.1935.
⁴ Stavanger Aftenblad 28.06.1937:1.

LITTERATURLISTE

- Dahl, Theodor 1935: *Hulda Garborg er hauglagd i Knudaheio*, Stavangeren 26.6.1935.
- Garborg, Arne 1925: *Dagbok 1905–1923*, Aschehoug.
- Hammeraas, Gunhild, Ørjan Zazzera Johansen og Inger Undheim 2018: «Knudaheio som minnestad. Bruken av Arne Garborg si skrivestove på Jæren 1898–1975». I Ottar Grepstad (red.): *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk*, s. 167–211, Det norske Samlaget.
- Reime, Sigbjørn 2003: *Om Knudaheio*, Time kommune.
- Reime, Sigbjørn 2010: *Heime att... Ei forteljing om Arne Garborg og Knudaheio*, Time kommune.
- Stavanger Aftenblad 1937: "Sol og fest over folkedansen på Sand", 28.06.1937.

Har du historiske bilde frå Knudaheio som du vil dela med Garborgsenteret? Send e-post til garborg@jaermuseet.no, eller kom innom for ein drøs.

Noregs Ungdomslag heldt minnestund i Knudaheio under landsstemnet i Rogaland juni 1937. Vêret var så regntungt og grått at ein kunne ha lyst til å avlysa heile turen. *Likevel møtte det fram kring 300 mann som vilde sjå Jæren, korleis so veret skapte seg*, meldte Stavanger Aftenblad. Men regnet gav seg etter kvart. I Knudaheio opna utsynet seg over Jæren ut til ei hav som gjekk i eitt med skyene over seg. Theodor Dahl og Klara Semb talte. *Det var høgtid over denne einfelde hylling av minnet åt dei to som kviler jamsides i Knudaheihagen, og mangt eit auga dimdest i ungdomsflokken*, avrunda journalisten.⁴

Foto: Ukjend, *Time kommune.



Oppdrag: Smia på Audamotland

Utgraving og oppbygging

ODD-GEIR ROSLAND

Bygningane på Audamotlandgarden, løa og heimehuset, blei i tida 2016-2019 restaurert med hjelp av sysselsettingsmidler frå staten. Det blei då bestemt at også smia skulle gjenreisast. Me visste at det hadde vore smedar på garden og om lag kor smia hadde stått.

Denne artikkelen er ei forkorta utgåve av restaureringsrapporten som Odd-Geir Rosland har skrive til prosjektet. Han var ansvarleg for planlegging og gjenoppbygginga. Han er fotograf på alle bilder der anna ikkje er nemnt.




I folketellinga for Nærø i 1900 finn me Gabriel Olsen Ødemotland. Han var 73 år og blir omtalt som forhen-værande bonde og smed. Nå var han farbror til bonden på garden. Han hadde truleg latt essa (ildstaden) stå kald i nokre år. For det var ikkje mange år seinare at Lars Tjøtta, Flint-Lars skreiv om smia på Audamota-land. Han fortel då at dette hadde vore ei av dei største jordsmiene på Jæren. Ei kjend smedslekt hadde reist smia og var fortsatt eigarar. Lars Tjøtta (1864 – 1914)


teikna smia med litt skeive vindu, men heilt tak. Eit foto av smia frå ca. 1915 viser ein bygning som står til nedfalls. Me kan såleis rekna med at smia gjekk ut av bruk rundt 1900.

Teikninga til Lars Tjøtta og fotografiet teke av Asgaut Obrestad var veldig viktige i restaurerings-arbeidet. Det er ein skilnad på teikning og fotografi. Det er vinduene. Lars Tjøtta har teikna blyglassvindu, 4x6 glas, men når bilde merka Asgaut Obrestad er

2



SMIA PÅ MOTLAND
MÅL 1:50 (A5) 6.12.2016
Odd-Geir Rosland



3



1. Foto av smia frå ca. 1915 teke av Asgaut Obrestad.
*Foto: *Jærmuseet*
2. Planteikning t.h. blei brukt som grunnlag for å søka Hå kommune og Rogaland fylke om tillatelse til å byggja opp igjen smia på gamle tufter. T.v. er planteikning av smia på Motland. Oppmåling og teikning: Odd-Geir Rosland.
*Foto: *Jærmuseet*
3. 24.november 2016 er dagen før utgravinga starta. Ved denne steingarden lå smia.



1. Den første gravinga i november 2016.
2. Essa sett fra aust, før fundamentet til bakveggen blei bytta.
3. Fundamentet for nordveggen på smia er restaurert.
4. Restaurering av fundamentet for austveggen er i gang.

teke, er det sprossavindu med 3x4 glass.

Lars Tjøtta døde i 1914 så eg trur teikninga er frå ca 1910. Fotografiet er nok teke ca 1915.

Den gamle smia på Motland blei og brukt som mal, for den likner både når det gjeld størrelse og konstruksjon.

GRAVA UT TOMTA OG BYGGA OPP FRÅ GRUNNEN

Utgraving skjedde i samarbeid med firma Leiv Nesvik A/S. Magne Nesvik og Kenneth Undheim var med derifrå. Me starta med å grava fram steingarden. Den er også vestveggen på smia. Den store steinen ved treet kan me finne att på fotografiet til Asgaut Obrestad. Treet var røte, så det blei fjerna.

Då me fann essa, samla me all Stein som kunne vera frå bakveggen på essa og pipa på ein stad for å kunne bruke dei om att. Me fann leire som viser at essa og pipa har vore mura med Stein og leire som på Motland.

Me fann luftinntaket i essa og rester av ei gryte. Det var mura med murstein over luftinntak. Truleg reparasjon av Stein som har vorte øydelagt av varmen.

Sjølve grua/essa var stort sett intakt. Hellene på toppen og nokre steinar i front, som mangla, blei erstatta. Det blei laga ny bakvegg i grua. Her brukte me kilt Stein frå løa på Bø pga krav til bæreevne. Den var nok mura med mindre Stein og heller før, som på Motland.

Etter å ha gravd fram det gamle fundamentet og essa på Audamotland, såg eg at han var meir lik smia på Motland enn eg til nå hadde trudd. Eg starta då med oppmåling på Motland.

Teikninga frå Motland, foto frå Asgaut Obrestad,

teikning av Lars Tjøtta og det framgravde fundamentet på Audamotland var tilSAMAN eit godt grunnlag til å laga teikning av både steinarbeid og trekonstruksjon.

På fasadeteikninga har eg teikna både blyglas og sprossavindu. Etter gammel teikning og bilde, har det vore begge typer. Eg har valt å laga sprossavindu som viser på fotografiet.

Når ein gong smia på Motland skal restaurerast, bør me velja blyglas. Det fordi det syner på Anders B. Wilse sitt bilde og fordi me har rette mål på vindu. Smia på Motland har og ein høgare antikvarisk verdi enn smia på Audamotland.

Museet fekk godkjenning på byggemeldinga 18. mai 2017. Mandag 28.august 2017 starta Leiv Nesvik A/S med steinarbeidet. Det første var å bestemma høgder, og lø bakveggen på essa. Her brukte me kilt Stein. Her var det viktig å få ein stabil vegg. Den kilte steinen fekk me av Hå kommune, då dei sommaren 2017 reiv ei løa på Bø. Då fekk me ni lass med kilt Stein, men dei vart brukt bare i bakveggen på essa og deler av vestfasaden.

Stein frå den gamle smia vart fjerna for mange år sidan. Noko Stein fann me då me i februar 2016 senka vegen inn til halmhuset. Denne vegen hadde blitt heva av museet i nyare tid. Men det var ikkje nok.

Meir løstein til smia henta Leiv Nesvik på sin gard på Lassaskaret. Det er mellom Kartevoll og Brusand. Det blei brukt natursingel frå Erga på Sæland i Time som fyllmasse i muren.

På grunn av mykje vatn i fundamentet, blei det på sørsida av smia gravd 1,3 m ned og eksisterande



Leiv Nesvik A/S stod for arbeidet med å lø murane. Foto frå tida 20. august til 15. september 2017.

masse erstatta med pukk og singel. Store mengder vatn rann då ut av fundamentet.

Vestveggen vart laga ny, mest for å få godt fundament for to bærande stolper

Ein Stein ved dør er bevart. Den syner på Asgaut Obrestads bilde.

KORTREISTE SPERR OG LANGREISTE BJELKAR

Til sperr så trøng me furu med diameter på 4 – 5 tommer. Det fann me i skogen til Lars Ødemotland, på nabogarden omlag 100 meter frå smia. Bjarne Harbo og tre til frå Byggmester Høie Ueland tok ut tømmeret før sommarferien.

Eg og Henrik Rosland barka sperra til smia.

I kjerrehuset på Audamotland var det lagra mykje skipsmaterialer som truleg har vore nytta i ei grindaløa før. Nokon, uvisst kven, har teke vare på materialane. Her fann me det me trengde til smia.

Oversyn over materialer til reisverket (sjå teikning side 99):

Bete 1: Bjelke på 10x10 tommar og 6,5 m

Bete 2: Del av rigg som har vore nytta som stolpe i ei grind. Ø 10 tommar og 4 m lang.

Bete 3: Rundstokk på Ø 6 tommar og 6,5 m Rest etter restaurering av hus.

Svill: Skipsplank 4x6 tommer.

Stillaspartner A/S bygde telt over smia i tillegg til stillas. Det gjorde det mogleg å halda tre-



konstruksjonen tørr, og gjera taket ferdig med never og torv.

Sist i september var stillas og telt montert, og arbeidet med trekonstruksjonen i gang.

Til trearbeidene fekk eg hjelp av Bjarne Harbo og Kristoffer Heng frå Byggmester Høie Ueland.


Alle koplinger mellom bete (strekkband mellom sviller), stolpar og åsar er tappa saman. Haneband mellom åsar verkar for trykk, men er og laga med svalehale for strekk.

Modell for konstruksjonen er smia på Motland.

Til taktro brukte me mest hun, dvs. bordet som blir skore av ytterst på stokken. Nederst og øverst er det brukt flaskeskorne bord. All materiale fann me i kjerrehuset. Dei har nok lege der sidan Trond Nærland starta restaurering av huset på 1990-tallet. Materialane var av god kvalitet.



1. Henrik Rosland barker sperr til smia.
2. Skipsplank som museet har samla gjennom åra. Her fann me emne til betar og svill.
3. Reisverket med tverrgåande betar og opprettståande stolpar, bunde saman av svill, 26.9.2017.
4. Teltet over smia gjorde det greitt å arbeida utover hausten og vinteren, 3.10.2017.



Dei berande konstruksjonane i bygningen er stav, bete og svill. To loddrette stavar blir bundne saman av beten til ei grind. Dei tre grindane (bete 1,2 og 3) blir haldne på plass av ei svill på kvar side.



Sperr er ferdig. Klart for taktro.



Takstro er ferdig.

LEGGING AV TORVTAK

30. oktober 2017 lossa me torv som Leiv Nesvik skar på garden sin (Lassaskaret) laurdag 28.10.2017 og transporterte ned til Audamotland på ei maskintralle. Det blei 18 pallar med torv frå ei gammal ugjødsla beitemark.

Neveren blei levert frå Alvdal Skurlag. Den var skoren i området rundt St. Petersburg i Russland.

Prisen var kr. 55 000,- eks. mva. for 500 kg. Me sorterte og fann mykje stor og fin never, frå 90cm x 60 cm til mindre. Me brukte ca 500 kg på 70 m².

Etter å ha snakka med Sven Hoftun på Ryfylke-museet, og søkt ein del på nett, var me klare til å legga never. Neveren blei lagt etter eit bestemt system.

Under torvhalkrok:

Lag 1: 3 tommar utfor taktro. Rettsida opp.

Lag 2: 4 tommar utfor taktro. Rettsida ned.

Lag 3: 5 tommar utfor taktro. Rettsida ned.

Over torvhalkrok.

Lag 4: Under torvhald og ned i spalte på taktro.

Lag 5: Mellom lag 4 og 6.

Lag 6: Frå neste spalte på taktro og ned.

Bredde på taktro var frå 15 cm til 20 cm. Opptrekket blei då på ca 3 tommar. Overlapp sidevegs minimum 3 tommar. Det var Bjarne Harbo og Kristoffer Heng hos Høie og Ueland A/S som la det meste av never og torv.



Foto som viser korleis never blei lagt lagvis frå torvhaldkrok og oppover.



16. november 2017 er telt og stillas demontert. Tak og mur er ferdig.



Karl Johnny og Joakim Mageland murer pipa.



I mai 2018 var pipa på essa komen gjennom taket og muringa føregjekk ute.

MURING AV ESSA

I november hadde murmester Karl Johnny Mageland starta murarbeidet over essa. Han samla stein hjå Ivar Risa på Risa, Torolv Sør-Reime og Reidar Bryne i Time. Leire og sand låg klar i vestskuten på løa. Leira blei knusa i ein sementblandar. Den blei så blanda med sand, litt hestetagl og litt sagspon. To delar med sand og ein med leire. Måtte tilpassast og tørrblandast godt først. Vatn måtte og passast til. Blandinga blei elta i ein tvangsblandar.

Muringa pågjekk til slutten av november. Då blei han avslutta mot taket. Så blei det stopp i arbeidet fram til april 2018. Då var temperaturen så bra at me kunne starta opp att muringa. Det blei bygd stillas og tatt hol i taket. Herfrå blei det mura med kalkmørtel. Stein blei henta frå same stad som før.



To foto av belgen i smia på Motland. Den er modell for den nye belgen. Foto: Ted Johnny Taraldsen, *Jærmuseet.

BELGEN

Ted Johnny Taraldsen fekk oppgåva med å laga belg til smia. Igjen er me heldige at me har den gamle smia på Motland. Den gamle belgen der blei brukt som mal for den nye på Audamotland.

Til veggan på belgen blei avkapp frå det nye golvet i folgestova på Audamotland brukt.

Hjelparen til Ted, ungdomskuleeleven Olav Måge, storkosar seg då han får vera med å laga belg.

Når alt trearbeidet til belgen er ferdig, så var han klar til å bli sett inn med tjæra.

Beslaget er eit gammalt kjerrebeslag som Ted har tilpassa til ny bruk.

Skinnet er frå elg. Det henta Ted på Granberg i Ølen.





1. Loket til belgen.
*Foto: Ted Johnny Taraldsen,
Jærmuseet.

2. Olav Måge i arbeid
med belgen.
*Foto: Ted Johnny Taraldsen,
Jærmuseet.

3. Botnen i belgen.
*Foto: Ted Johnny Taraldsen,
Jærmuseet.

4. Nå er belgen klar
til å bli satt inn med
tjæra. Beslaget er eit
gammalt
kjerrebeslag som Ted
har tilpassa til ny bruk.

5. Ted Johnny Taraldsen
er meister for belgen.



TRELUKA TIL INNLASTING AV SMIESTÅL

Treluka blei laga ut frå teikninga til Lars A Tjøtta, og på same måte som eit gammalt dørblad frå Motlandsmia. Det gamle dørbladet på Motland ser ut til å være øvre delen av den originale døra. Eg kopierte byggemåten til luka på Audamotland.

Døra har nok vore bygd på same vis. På Audamotland valte eg å ikkje laga ny dør, men heller tenka gjenbruk. Under restaureringa av heimahuset blei kjøkkendøra frå 1930-tallet bytta ut med ny lågare dør. Den gamla passa godt i smia.

Vindaugo blei laga nye med gamle sylinder/tafelglas. Det er glas frå 1800-talet som er handblåst til sylinder, klypt opp og flata ut. Eg fekk tak i gamle vindauge der eg kunne ta ut slike glas og gjenbruaka dei til smia. Modell for vindauge fann eg i Nærø kyrkje. På kvar side av tårnet er det vindauge med 3 glas i bredda. Mål og sprosseprofil blei kopiert. Fargen er funnen på andre gamle dører på Audamotland.



Det gamle dørbladet i Motland-smia.



Den nye luka.



Luka til innlasting av jern er på plass i smia.

ARBEIDBENK OG UTSTYR TIL SMIA

Arbeidsbenken blei laga av skipsplank på same vis som den på Motland.

Det er fire bein på arbeidsbenken som alle står på ei nedgravd helle. Då hella under beinet ved stolpestikka skulle gravast ned, var det allereie ein stein der. Denne blei teken opp for den nye skulle ligga skikkelig. Då viste det seg at det og var eit hol i den gamle steinen. Det har stått ei stolpestikka på same staden før.

Verktøy fann me på inntaksmagasinet, dvs. i samlingane til Jærmuseet. Ambolten (steet) frå denne smia hadde Lars Ødemotland teke vare på. Det eine hornet på denne var knekt. Ein annan blei henta frå museet sitt magasin. Ted laga nytt trau med slipestein. Det meste av essa var intakt. Her er toppen ny.

Den 19.juni 2018 fekk Ingebrig特 Aarbakke låna smia for å laga eit av innslaga i jubileumsfilmen om Aarbakkens 100-årige historie. Han blei såleis den første til å bruka smia.



Arbeidsbenken fyller veggen under vindauge.



06.06.2018

Her grov me fram den gamle hella under beinet ved stolpestikka . Det var hol i denne hella. Her stod den gamle stolpestikka! Ingen tvil om at smia nå er reist på rett plass.



Odd-Geir Rosland fortel bygningsantikvar Kirsten H. Fosstveit om arbeidet med smia.
Foto: Ted Johnny Taraldsen, *Jærmuseet.



22.08.2019

Smia vil bli brukt av handverkarane til å laga dør- og vindubeslag og anna dei treng til restaureringsarbeidet. Ted Johnny Taraldsen er alt i gang.



Smiene på Motland og Audamotland

MÅLFRID GRIMSTVEDT

Smia på bruk 1 på Audamotland var ei av tre smier på denne og nabogarden Motland. Me har funne fram historie frå desse og andre smier på 1800-talet. I folketrua blei smeden tillagt sterke, beint fram underjordiske krefter, noko Lars Tjøtta også skriv om i samband med smia på Audamotland.

Denne artikkelen supplerer historia til Odd-Geir Rosland om korleis smia på Audamotland blei gjenreist i 2016-2019.

Gabriel Olsen Ødemotland (1827–1910) var den siste smeden i vår smie. Han vaks opp på garden og sprang i smia til faren, smed Ole Pedersen (1792–1875). Smågutten Gabriel var ikke åleine. Han hadde to andre brødre som også lot seg fascinera av faget. Peder (1816–1903), blei messingstøypar, medan Søren Mikal (1819–1906) blei smed. Tjøtta skriv at Ole var den første på Jæren til å laga jernbeslattede hjulreiskapar. *Folk kom langveis fra for å se det vidunder: jernbeslattede kjerrer og hjul med aksler av jern, en oppfinnelse som de fleste fant for kostbar for bonden, men som likevel fant en hurtig utbredelse tross at jernet i de dager var fire ganger så dyrt som nu.*¹ Han skriv vidare at på grunn av høge jernprisar så lønna det seg å samla saman gamle hes-tesko, spadeblad, knekte ljåar for å sveisa dei saman til nye gjenstandar eller slå dei opp til saum og spiker.



Lars Tjøtta si teikning av smia på Audamotland.
Kjelde: Hauge, 1986, side 47.


Tjøtta skriv også om brensel til smiinga. Det var først rundt 1830 at dei fekk tilgang til steinkol. Før den tid var torvkol einaste brenselet i smiene. Det var mykje

arbeid å gå i myra, spa og tørka torva, for så å laga kol av ho. Det var god tilgang på myrtorv utover Jæren, men ein skulle ha spesiell kvalitet på torva for å laga torvkol.

På 1890-talet reiste gardbrukar G.E. Stangeland frå Klepp over det meste av landet for å undersøka myrane for Norges Geologiske Oppmåling. Resultatet er publisert i tre rapportar. Myrane i Hå blir omtalt i del tre som kom i 1904. Her er det omtale av Kviamyr, austre og vestre og Ødemotlandsmyr som ligg nærmest til smia vår. Og her stadfester Stangeland det Tjøtta skriv om bruk av torvkol. Her står det om Kviamyr vestre at myra blir brukt til brenntorv og omlag halvdelen er utskoren. Så skriv han *Da Brænding af Kul af Torv tidligere – for 30-40 Aar siden – var ikke ualmindelig paa Jæderen, brændtes i denne Myr en del Torvkul..... Torvkul anvendtes af Smede under Forarbeidelse af Ljaer, Sigder og andet Bidstaal og ansees for at have Fortrin fremfor Stenkul til saadant Brug.*²

Så langt eg kan sjå er dette den einaste myra der det blir nemnt at ho blei brukt til torvkol. Stangeland sine opplysningar om bruk av torvkol fram til 1860-70 åra passer godt med Tjøtta si opplysning at tilgongen på steinkol kom nokre tiår før. Det var mykje arbeid å laga torvkolet, men det fall nok rimelegare enn innkjøp av steinkol.

Det var fleire enn smedane Ole og Gabriel på Audamotland som brukte smiebrensel. I folketellinga frå 1865 er Søren Mikal, bror til Gabriel, etablert som gardbrukar og smed på bruk 2 på Audamotland. Her blei det også bygd smie. Den er det lite spor etter i dag. Den tredje broren, Peder, var messingstøypar i 1865 og budde på bruket til faren.



Lars Tjøtta si teikning av smia på Motland.
Kjelde: Hauge, 1986, side 49.

På nabogarden, Motland, er det også ei smie. Den står på garden enno. Det er ein usedvanleg fin bygning. Det var Simon Svensen (1809– 1900), gift med Anna f. 1810 på Risa som kjøpte seg inn på Motland i 1835. I ein artikkel skriv Steinar Skorstad at Simon kom til Motland for å etablera seg som smed. Han var son av smeden Sven Garborg i Time, så han må ha hatt si opplæring i smia heime. Faren dreiv stort med produksjon av spadar. Det var trespadar med jernskoning. Han sende sonen Tønnes til Nes jernverk for å kjøpa jern og skal ha hatt mange mann i arbeid om vintrane.³

Simon kjøpte ein part av Motland og bygde seg heimehus i 1840. Det er usikkert kva tid han bygde smia, men på garden har dei teke vare på to protokollar som fortel om smedarbeidet. Den eldste er frå 1851, med namnet Simon Svensen Motland sirleg innført på første sida. Det er ei rekneskapsbok for dei neste tretti åra. Her har han ført utgifter og inntekter frå dei enkelte han har handla med. Her får me truleg bekrefta at smeden brukte torvkol. I året 1855 er det innført fem

gonger at smeden skulda Ole Omundsen Rimestad for brenning av kol, til saman 38 ½ tonner. Det må vera torv til torvkol. Smeden leverte til Ole både torv- og åkerspade, reparerte og laga beslag og band på bøtter.

I den neste protokollen står det på tittelsida: Hoved Bog for smed Svend Simundsen Motland af Nærboe, begynt 1882. Her kan me fylja forretningane fram til etter 1905. Sven (1840 -1916) var eldste son til Simon. Sonen hans, Simon Motland (1873–1962) var også smed. Desse to yngste generasjonane blir omtalte som skosmedar. Hestane blei sett i skostallen, laga av kilte steinar. Denne står fortsatt ved smia. På Motland var det altså smedar i tre generasjoner.

I dei første åra av Sven si tid som smed laga han også ulike ting. Tobias E. Nærland var kunde. I 1884 fekk han laga seg jernverket til ein hestesele. I januar 1888 var det travelt. Han fekk lappa ei kjerre, fekk nytt høvre, to kjerrehjul fekk jernband pålagt, eit høvre fekk lagt på jern, og han fekk laga seg ei vekt. Til fråtrekk på rekninga får smeden for 3 kroner i jern.

Smia på Motland har blitt teken vare på med både verktøy og rester av det som blei laga av smedane. Kanhende er noko av grunnen til dette at smia, saman med heimehuset blei fotografert av den landskjende fotografen A. B. Wilse på oppdrag av Stavangeravdelingen av Foreningen til Norske Fortidsminnesmerekks Bevaring. Fotografia var med i boka *Bygd og by* i Stavanger Amt utgjeve av i 1915.⁴ Smia blei gjeven til Rogaland Folkemuseum i 1978. Hå kommune overtok smia i 1983. Sven Motland ga ein del reiskap frå smia til Hå Bygdemuseum på denne tid. Jærmuseet fekk

Nº 156 Tobias Bøe til Simon Motland			Debit
			Debit Kredit
1871		Tobias fort loa durr Bøgs N° 124	- 2 - 4
November	28	4 goms 80 gyrt 24 som	" " 16 -
Desember	1	1 gjørn ring og gynt	" " 3
1872		1 løyngjøa 4 slod boltri og gyntre	" 1 - 22 -
Februar	5		" 2 13
Mars	29	1 gjørn børsigne 1124 + 15 ipt	" " 10 -
Juni	12	24 grotta som	" 2 - "
November	9	1 øgtaog 3 ydne 1154 fra 29 ipt	" " 22 -
1873			" " 6
Februar	26	1 goms 80 som 820	" " 1 - 4
Mars	7	1 gjørn band forført	" " 9 -

Utdrag frå protokollen som smed Simon Svensen Motland har ført. Privat eige. Foto: Jærmuseet.

ansvar for tilsyn og vedlikehald ved konsolideringa i 2002. Eit av dei første åra blei belgen i smia sett istand, og ein demonstrerte smiiing. I mange år var det tradisjon for folk på garden å svi saueføter i smia kvar haust. Men pipa er ikkje serleg god etter nærmare 200 års bruk. Nå er all bruk av eld i smia forbode.

Lars Tjøtta fortel også om smietrollet som ein ikkje måtte fornærma om arbeidet i smia skulle bli vellukka. Smietrollet var ein fiende av kvinnfolk og dei gamle smedane ville helst ikkje ha kvinnfolk innafor dørene. Det var også mange som meinte at om ei kvinne såg på det glødande stålet som skulle herdast, så blei stålet sløvt og därleg; jamvel heilt mislukka. Han fortel vidare at i desse gamle smiene blei det somtid utøvd kunster

som ville setta nyare smedar sitt arbeid i skuggen. Enkelte smedar kunne gjennom sverging og mystiske teikn vera i stand til å gje eit stykke arbeid, som ein kniv, eit våpen eller reiskap, overnaturlege eigenskapar. Slik kunne det beskytta bæraren eller eigaren mot sjukdom



Svivel, eitt av 234 ulike produkt og reiskap som museet har teke vare på frå Motlandsmia. Tilstanden ber preg av at dei låg i smia i 100 år før dei kom på magasin.

Foto: Håvard Tørresen, *Jærmuseet



Smia på Motland fotografert i 2015. Foto: Håvard Tørresen, *Jærmuseet

eller trollskap. Ein slike begava reiskap som måtte bli smidd av sju oddar, brukne av bitjern i vanvare, var ein slags prøvekniv som kunne brukast til å sjekka om matvarer var innsett med trollskap. Var ein slik kniv smidd på rett måte, med besvergelsar, ville han lata etter seg ei blodig stripe når han skar gjennom befengt mat.⁵

NOTAR

¹ Hauge 1986: 18

² Stangeland 1904:91

³ Stavanger Aftenblad: 14.2.1981

⁴ Fotografia frå Motland er publiserte i <https://www.nb.no/gallerior>.

⁵ Hauge 1986: 18

LITTERATURLISTE

Hauge, Alfred 1986: *Gamle Jæren. Andre boka om tradisjon og folkeminne etter Lars A. Tjøtta*. Universitetsforlaget.

Skorstad, Steinar 1981: *Smedane på Motland*. Stavanger Aftenblad 14.2.1981.

Stangeland, G.E 1904: *Om Torvmyrer i Norge. Norges Geologiske Undersøgelse No. 38*. Kristiania.



Hulda Garborgs litterære skandale

ØRJAN ZAZZERA JOHANSEN

Dei første åra av 1900-talet gjekk Hulda Garborg frå suksess til suksess. På få år skreiv ho nokre av dei viktigaste verka i norsk kulturhistorie. Ho skreiv referanseverk om folkedans, folkedrakter, folkeviser og husstell. Ho kasta seg inn i likestillingsdebatten og stod fram som ein viktig feminist. Ho var ein anerkjent romanforfattar og landets mest framgangsrike kvinnelege dramatikar. Så gjekk det plutseleg gale. Hausten 1904 gjekk teppet ned.

Jærmuseets Ørjan Zazzera Johansen tar lesaren med inn i Hulda Garborg sin verden og gjev eit oppsiktvekkjande portrett av forfattaren og skandalen.

DE VREDE MANNFOLKS HEVN

Ho må ha kjent det som om ho var på flukt, Hulda Garborg, då ho forlét hospitset i Kristiania klokka sju om morgonen. Det var den tjuande oktober 1904, sola hadde ennå ikkje stått opp og det var overskya; mørkret låg tungt over den velkledde forfattaren der ho stal seg gjennom dei brulagte bygatene. Ho hadde ikkje fått sova i det heile. Nå gjekk ho i bøge rundt avisiskioskane; for var det noko ho frykta, nett i dag, så var det overskrifter. Til sist sette ho seg velberga i kupeen og lét toget ta henne vekk.

Ho hadde meld seg ut av statskyrkja. Ho hadde gifta seg borgarleg. Ho hadde eit anstrengt forhold til prestar. Ho må ha sukka tungt då ho oppdaga at toget var fullt av slike som skulle på landsprestemøte i Trondheim. I kupeen hennar sat også ein. Men han var snill, han tykte det såg ut som ho kjeda seg. Han rekte henne ei avis. "Jeg blev kald", skreiv ho i dagboka dagen etter, "men måtte for Skams Skyld ta imot Verdens Gang". Då ho såg overskrifta "Nationaltheatret" lukka ho augene, men dei glei opp igjen av seg sjølv. Ho kunne ikkje unngå det:

"Et nytt Skuespil af den energiske Forfatterinde, Fru Hulda Garborg: Edderkoppen i fire Agter, anonymt og offentligt, godt ment og dårlig gjort."

Ho skulle ikkje få sova den neste natta heller. Ho visste at orda "dårlig gjort" var nok til å stoppa den planlagde bokutgivinga i Danmark og Tyskland. Men det verste var den brotne anonymiteten. I dagane som kom skulle dei andre avisene følgja VG sitt døme. Heller ikkje teateret gjorde noko for å beskytta namnet

hennar. Heile landet skulle informerast om kven som stod bak det skandaløse teaterstykket *Edderkoppen*.

Ho hadde debutert i 1892 med romanen *Et Frit Forhold*, same året som mannen Arne gav ut *Fred*. Og han, som i desse åra stod på høgda av si skaparkraft, anerkjende talentet hennar. Ja, han måtte ha ant det lenge, Arne Garborg, at i Hulda frå Hedmarken budde det noko stort. Men det var ikkje forfattar ho hadde drøymt om å bli, det var skodespelar. At ho var noko særskilt hadde alltid vore openbertyr for dei som blei kjend med henne. Etter romandebuten slo ho saman tre av dei mange talenta sine – organisasjonstalentet, skodespelartalentet og forfattartalentet – og skreiv teaterstykke etter teaterstykke til si eiga teatergruppe, Det norske spellaget. *Rationelt fjøsstell*, ei farse i tradisjonen etter Molière og Holberg, skulle med tida bli det mest spelte stykket i landet, meir enn *Peer Gynt* og *Et dukkehjem*. I 1898 kom koke- og opplysningsboka *Heimestell*, som skulle bli ei av dei mest selde kokebøkene i norsk historie. Og referanseverka *Norsk klædebunad* og *Norske folkevisur* som begge kom i 1903, etablerte henne som "bunadens mor", iblant kalla "mor Noreg".

Våren og sommaren 1904 erobra ho offentlegheita med den essayistiske romanen *Kvinden skabt af Manden*, skiven som ein kommentar til austerrikaren Otto Weiningers kvinnefiendtlege filosofi. Ho trefte lesarane så det song. På kort tid måtte boka trykkast i ti opplag, og forfattaren, som også her mislukkast i å vera anonym, vart for ein augneblink landets mest omdiskuterte intellektuelle. Sjølv Arne, som dette året gav ut *Knudaheibrev*, måtte stilla seg bak henne.



Nationaltheatret i 1901. Foto: Anders Beer Wilse, *Norsk folkemuseum

Nationaltheatret opna i 1899. Arne Garborg kalla det gjerne *Unationaltheatret* sidan det ikkje sette opp dramatikk på nynorsk, men det blei straks det gjevaste scenerommet i landet. Stykket *Hos Lindelands* i teaterets opningsår

gjorde Hulda til den første kvinnelege forfattaren dei sette opp. Med *Edderkoppen* blei ho også den andre. Teatersjef desse første åra var Bjørn Bjørnson, sonen til Bjørnstjerne, Arne Garborg sin hovudmotstandar i målsaka.

Kanskje skapte konflikten mellom forfattarens mann og teatersjefens far problem for samarbeidet. Men det ser ut som dei har oppført seg profesjonelt, begge. Hulda reagerte rett nok på at Bjørnson sat på stykket i tre år før han endeleg sette det opp, og ho ville ha betre betalt enn ho fekk. Bjørnson gjorde på si side omfattande endringar i manuset. Men han rosa stykket også. Teatersjefen sa at det var det beste norske stykket sidan 1891, då Ibsens *Hedda Gabler* kom, og det beste ekteskapsdramaet sidan *Et dukkehjem*. Det betyr at Bjørnson også vurderte *Edderkoppen* som betre enn *Læraren*, Arne Garborg sitt mest kjende teaterstykke, som kom i 1896. I det heile skulle Hulda stå fram som ein større teaterpersonlegdom enn mannen sin.

Rosen frå Bjørnson og andre litteratar auka fallhøgda. Arne Garborg og Amalie Skram var mellom dei som rosa stykket opp i skyene. Edvard Grieg skulle gjera det same etter premieren. Hulda hadde fått fleire av sine nærmeste venninner til å lesa *Edderkoppen* på førehand utan å røpa kven som hadde skrive det, og dei hadde vore begeistra. Ho kjende seg trygg på stykkets kvalitet.

Likevel hadde ho ei aning om at det kunne gå gale. På generalprøven kjende ho nesten ikkje stykket igjen. Særleg første og fjerde akt var mykje endra, trass i at teksten allereie var gått i trykken og skulle koma som bok. Hulda var allereie då på veg inn i tungsinnet det skulle ta henne fleire månadar å koma seg ut av. "Kanske har han Ret", skreiv ho om teatersjefen i dagboka. "Jeg er nu ganske sløv og skjønner ingenting lenger. Gud give jeg sad paa den fæle Jernbanen mellom Kristiania og Trondhjem!"

Det var ein lenge planlagt folkedansturné som tok



Teatersjef Bjørn Bjørnson.
Foto: Ukjent, *Nationaltheatret

bunadens mor til Midt-Noreg. Dei første dagane i den framande byen hadde ho vanskeleg for å tenka på noko anna enn det ho kalla "affæren", "en fæl Kattepine" og seinare "Dyret". Her gjaldt det å halda seg unna aviser i lang tid! Dagen etter ankomsten skreiv ho i dagboka:

"Sidder endelig her i en deilig fremmed By paa et

fremmed Værelse hvor ingen kommer og gir mig Posten med aviser og andre rædselsfulle Ting."

Det hjalp ikkje. Ho fekk brev. Allereie neste dag fekk ho eit frå Arne som var elskverdig nok til å informera henne om kva avisene skriv. "Garborg skriver i dag, at Avisene er føle mod mig, og at jeg fremdeles absolut bør la være at læse dem. Morgenbl. haaber endog, at Forestillingen Onsdag blir baade den første og eneste."

I same brevet legg ektemannen til: "Jeg begynner langsomt at skjønne, at du er stridere med os Mandfolk, end alle Hanskemoralister. Ved det, at du ikke prækjer Moral; men bare simpelthen drager frem Sammenhængen. (...) Og saa faar du naturligvis finde dig i de vrede Mandfolks Hævn; du har sagt dem meget de ikke liker. Og det kan du bande paa at du faar svide for. ... Og naar det bare er en endnu ikke verdensberømt Kvinde, som siger det, saa Fanden spare, - bare kværke hende ... Ganske stiltfærdigt kværke hende."

"Ja, kværket blir jeg vist og det grundigt", kommenterte ho tørt i dagboka.

Det var mange sider ved dette stykket som var spesielle og vanskelege. Tekstens behandling av kjønnsrollene var det Arne Garborg trudde utløyste skandalen – og då særleg at det var skrive av ei kvinne, ei kvinne som meinte noko om menn! Mediologikken kan òg ha spelt ei rolle. Det at stykket blei sett opp såpass snart etter suksesen *Kvinden skabt af manden* kan ha vore uheldig. Sistnemnde var blitt både bejubla og latterleggjort, parodiar kom ut i bokform. At Hulda ville vera anonym, kan avisene ha oppfatta som komisk. Det kunne simpelthen ikkje vera nokon tvil om kven som var forfattaren her.

Og då kjem me til det som var aller vanskelegast for Hulda Garborg: Innhaldet var bygd på verkelegheita, ei verkelegheit det blei sladra mykje om i Kristiania, som inneholdt sjokkerande påstandar, som *alle* visste rørte henne personleg, som skildra ein avdød nasjonalhelt og ein livs levande berykta byborgar med makt og midlar.

Edderkoppen er skiven i 1901. Frå 1896 til 1905 låg modellen for hovudrolla i to mykje omtala rettsakar, der ho mellom anna prøvde ho å reinvaska seg for beskyldninga om å ha drepe fire av sine elskarar. Den eine av desse var Hulda Garborg sin far.

EIN SKIKKELEG GALNING

Christian Fredrik Bergersen, fødd i 1829, var ein imponerande mann, høg og mørk og med bakkenbartar som ein prøyssisk konge. Han hadde utdanna seg til jurist og gjort lynkarriere. I Hamar-traktene blei han kjend som uovervinneleg i rettssalen, og som 29-åring hadde han råd til å kjøpa storgarden Såstad i Stange. Han hadde gifta seg med den vakre Marie Petrine Olsen, og fekk tre jenter med henne. Den siste av desse kom i 1862, og fekk namnet Hulda Bergersen. Storesystrene heitte Martha og Sophie, og var seks og fire år eldre enn henne.

Ho fekk utsjånaden frå mor si, men det var frå faren Hulda fekk dei eigenskapane som skulle gjera henne berømt: det gode hovudet, den utømelege energien, den sterke viljen. Men Christian Fredrik Bergersen hadde mørke sider òg. Ein av Hulda sine biografer, Tor Obrestad, karakteriserer han som "hurragutt og slask, ein skikkeleg galning". Han var ikkje berre kjend for sine eigenskapar i retten, men også for festing, gamb-

ling og drikking, utruskap, vald og skandalar. Han fekk truleg fire barn med fire andre kvinner enn kona si, det første med ei tenestejente omrent då Hulda blei fødd. Då Marie kravde at jenta skulle flytta frå garden, installerte Bergersen seg på Hamar saman med henne, og tok berre einskilde turar til Stange for å jaga og jula opp kona. Det endte med skilsmål i 1863, då Hulda var eitt år gammal, og snart etterpå fekk han økonomiske problem. Såstad måtte seljast, og han flytta sidan til

Kristiania. Lovverket gav faren råderett over ungane, men Bergersen hadde berre råd til å ta med seg to av dei. Den yngste, Hulda, blei verande på Hamar hos ei mor som aldri kom seg over skamma etter det sosiale fallet, som i periodar skulle li av magesår og depresjnar. For å klara seg var dei avhengige av vennar, naboor og "snille onklar". Også mora fekk eit barn utanfor ekteskap, då Hulda var tolv-tretten år. Dette barnet blei adoptert bort, og det er usikkert kva Hulda fekk vita.



Foreldra til Hulda Garborg, Christian Fredrik og Marie Petrine Bergersen.
Foto: Ukjent, *Asker museum/
MiA-Museene i Akershus

Hennar første minne av faren var frå då ho var åtte år. Mora sende henne ned på dampskipsbrygga der han kom for å henta storesystrene Martha og Sophie, ein gong dei hadde vore på besøk på Hamar. Hulda hadde fått i oppgåve å be faren om pengar til ny kjole. "Han stod der framfyre meg så høg og mørk, skreiv ho i boka *Barndomsminne*. So uvanleg høg og myrk. Då eg fekk sagt det um kjolen, som helst skulde vera skotsk, slo han ut med handi og smilte: Du har da så pen kjole, sa han. Men då vilde gråten upp og eg fekk sovidt sagt, at kjolen min ikkje var pen. Han er laset. (...) Pytt, lo han, sy og sprette, binde og rekke! Og so ringte Skibladner, og dei sprang umbord. Då båten gleid frå brygga stod dei og vinka til meg. Dei klengde seg tett inn til han – var so glad i denne far sin, som eg ikkje kjende, men frå denne stundi tenkte på, lengta etter i løyndom, endo så sårt det var, at han ikkje gav meg kjolen."

I Kristiania blei Bergersen kjend med Mathilde Andersson, landeigar på Nordstrand aust for Kristiania. Ho var ugift og insisterte på å bli kalla "jomfru", til lått for nokre. I 1871 flytta han inn i huset hennar saman med dei to eldste døtrene. Han arbeidde for henne, og levde eit kjærleiksliv med henne, og ho blei jentenes "pleiemor". Forholdet deira blei stormfullt, og ho prødde å tøyla han ved å tillata han å berre reisa inn til byen to gonger i veka. Det blei to intense år til han døydde, tilsynelatande av sjukdom, i 1873. Å senda barna til mora synest ikkje å ha vore eit alternativ. Situasjonen der vart snart slik at det var yngstedottera Hulda, som fekk seg jobb og forsørga mor si og ikkje omvendt. To år seinare flytta mora og den trettenårige Hulda til

Grünerløkka i Kristiania. Jomfru Andersson kan også ha hatt eigne motiv for å halda jentene hos seg.

Det er til denne perioden i Hulda sitt liv handlinga i *Edderkoppen* er lagt: Mora Marie og Hulda er nye i byen og faren er død, medan jomfrua legg planar for pleiedottera Sophie si framtid.

Storesyster Martha gifta seg og flytta tilbake til Hamar så snart som råd var. Verken Sophie eller jomfrua kom i bryllaupet, noko som tyder på splid i familien. Arne Garborg kom til å avsky både jomfrua og svigermor si. Til gjengjeld karakteriserte Marie han som "Kristianias verste ranglefant". Kanskje ville ho beskytta dottera mot ein skjebne som likna hennar eigen. Arne var både framgangsrik og svært omdiskutert, ein berykta radikalar, på midten av 1880-talet. I 1887 skreiv jomfru Andersson til Sophie:

"Av nyheter som kan intresere dig kan jeg fortelle dig vis du ikke allerede har faaet besked, det er at Din Søster Hulda er ingaaet i borgerligt ekteskab med den stygreste mand i norges land, og tilbringer nu sine vedebrodsdage i en hytte langt til fjelds med sin elskværdige mand Arne Garborg."

Grunnlaget for eit godt forhold mellom Hulda og dei som skulle vera omsorgspersonar for henne, var svakt. Hulda blei på mange måtar svikta av både mora, faren og systrene si pleiemor; men Hulda var aldri ei vanleg jente. Ho var ei kunstnarsjel. At ho likevel lukkast skuldast at ho møtte andre som såg henne for den ho var og det ho kunne. Den viktigaste av desse var Arne.

Kanskje er det rett at bak ein stor mann står ei kvinne. Arne Garborg hadde iallfall kona si som eit fast

fjell å støtta seg på då han skreiv sine beste bøker. Men han stod like bergfast bak henne. Og på tida rundt *Edderkoppen* fanst det knapt noko større kvinne i Noreg enn Hulda Garborg.

DØD OG PINE

I 1826 blei Mathilde C. Andersson fødd inn i ein fattig familie i Brämhult utanfor Borås i Sverige. Ho busette seg fast i Noreg som tjueåring, men kan ha kome så tidleg som fire år tidlegare. Ho arbeidde seg opp som vever. Etter å ha gjort teneste på Hjula væveri ved Akerselva, oppnådde ho å bli handarbeidslærar for unge jenter ved Eugenias stiftelse, og like før 1850 blei ho "plejedatter" i huset til gamle enkefru From på Nordstrand.

Ho var vakker og framgangsrik, og blei snart offer for omfattande sladder. Ho fekk ry på seg for å vera "laus", og dette blei brukt som forklaring på klassereisa frå yste fattigdom til rikdom og ein plass i det høgare borgarskapet. Ho heitte eigentleg Anna Cathrine, men på grunn av sladderen til tilnamnet svensk-Anna skifta ho namn etter oppfordring frå vertinna, fru Blom, som ho seinare arva. Denne arva gjorde henne, berre tjuenår gammal, til ein velhalden gods- og landeigar på Nordstrand. Akkurat dette hadde neppe noko med å vera laus å gjera.

Mellom leidgetakarane ho overtok etter fru From var den berømte eventyrsamlaren Peter Christen Asbjørnsen. Dei skulle leva eit kjærleiksliv saman, og blei for kvarandre det nærmaste dei kom ein livsledsagar; men dei formaliserte det aldri. Jomfru Andersson forblei ugift livet ut.

Asbjørnsen var tolv år eldre enn henne og mykje på reise. Ein gong han var bortreist, innleidde ho eit



Asbjørnsen i leilegheita si hos jomfru Andersson på Nordstrand. Xylografi av Lorentz Norberg etter fotografie av Wæring. Foto: *Oslo museum

forhold til Christian Fredrik Bergersen. Han hadde flytta til Kristiania i 1866 og heldt der fram med sitt utsnevande liv. Frå 1871, og fram til han døydde i 1873, budde han i huset til jomfrua og blei av somme kalla *samboer*. I to år hadde jomfrua både Asbjørnsen og Bergersen buande hos seg, tilsynelatande som leigebuarar, men ingen av dei betalte for seg. Bergersen jobba rett nok for henne; han var blitt framdømt retten til å praktisera juss, men han passa eigedommane hennar. Han skreiv til døtrene sine då dei alle tre var på Hamar, og bad dei skriva og gratulera "henne som jeg nå bor sammen med med dagen".

Ettersom Marie Bergersen var sjuk og fattig, blei Martha og Sophie buande hos jomfrua også etter farrens død. Sophie, den yngste av dei to, var den om fekk det nærmaste forholdet til pleiemora. Ho hadde vore

net. Og hvorfor er dette spesielt? 4453rd Combat Crew Training Wing var den eneste avdelingen i det amerikanske flyvåpenet som ble oppsatt med B-versjonen av F-4 Phantom II ettersom B-versjonen egentlig var lagd for den amerikanske marinens, mens flyvåpenet skulle ha C-versjonen. Årsaken til dette var at produksjonen av C-versjonen lå noe etter B-versjonen. For å kunne starte utdanningen av flygere fra flyvåpenet på denne typen i forkant av at produksjonen av våpengrenens tiltenkte versjon tok til, ble 4453rd Combat Crew Training Wing derfor utstyrt med 27 splitter nye F-4B på utlån fra marinens. I starten av juni 1962 var noen av deres F-4B på norgesbesøk, blant annet for å delta i den storståtte markeringen av 50-årsjubileet for norsk militærflygning som ble markert med et flyshow på Gardermoen 3. juni som per da etter sigende var det største flyshowet noen gang avholdt i Norden. Gjennom norgesoppholdet var flystasjonen på Rygge vertskap for de amerikanske Phantomene. Og hva var vel da mer naturlig enn at skvadronssjefen på en av flystasjonens jagerflyskadroner fikk seg en baksetetur i flytypen i løpet av deres opphold på Rygge. Som et minne etter flyturen ble Arne forært et diplom og en patch som dokumenterte at han var blitt medlem av den eksklusive i Phantom Phaternity. Med andre ord, gjengen som kan skryte av en tur med F-4 Phantom II.

Etter at de amerikanske Phantom hadde forlatt Rygge, tok det ikke lang tid før basen igjen ble vertskap for en amerikansk skvadron. I september ankom en kontingent bestående av de toppmoderne jagerbomberne Republic F-105 Thunderchief fra det

amerikanske 36th Tactical Fighter Wing Rygge. Avdelingen som til daglig opererte fra den amerikanske flybasen Pitburg AFB i Vest-Tyskland hadde tatt flytypen i bruk for halvannet år siden. Som den amerikanske F-4 Phantom, var også F-105 Thunderchief i stand til å fly over to ganger lydens hastighet og var dermed mer enn dobbelt så raskt som et hvilket som helst fly det norske luftforsvaret benyttet på denne tiden. 36th Tactical Fighter Wing opererte for øvrig sammenhengende fra Vest-Tyskland i 42 år fra 1952, og var dermed den amerikanske kampflyavdelingen med lengst sammenhengende operasjonshistorie i Europa under den kalde krigen.



Republic F-105 Thunderchief

Samvirke med utenlandske flystyrker var dog ikke uvanlig i Luftforsvaret gjennom den kalde krigen. Gjennom første halvdel av 1960-tallet var 336 skvadron en aktiv avdeling som deltok i en rekke øvelser, både i utlandet og innenlands. Skvadronene gjorde seg spesielt godt bemerket under skytekonkurranser og på Tv-skjermen. Mellom 29. august og 6. september 1963

deltok skvadronen i den fjerde utgaven av NATO-øvelsen Aim High som dette året ble avholdt på Skrydsrup i Danmark. Foruten de to norske skvadronene oppsatt med F-86F i form av 336 og 338 skvadron, deltok også tre danske skvadroner oppsatt med F-100D Super Sabre i form av eskadrill 725, 727 og 730, samt en tysk skvadron oppsatt med F-84F Thudnerstreak i form av 351 fra Husum. Hver skvadron stilte med fire flygere og fire fly, en reserve på en flyger og et fly, samt 22 teknikere og bakkefolk til å ta seg av skvadronenes støttetjenester på bakken. Som tidligere år, bestod konkurransen av et lagmesterskap og et individuelt mesterskap hvor alle flygerne konkurrerte mot hverandre uavhengig av nasjonalitet og skvadrontilknytning. Den tyske deltakelsen var i seg selv en liten sensasjon, da dette var første gang siden andre verdenskrig en større tysk contingent hadde vært å se på den danske flybasen. Gjennom de neste dagene fant en knivskarp og jevn skytekonkurranse sted på skytefeltene Rømø og Oksbøl hvor på 336, sikret seg sammenlagtseierne i lagkonkurransen. Ettersom også den individuelle konkurransen ble vunnet av en flyger fra 336 skvadron, ble dette en meget lystig konkurranse for den norske skvadronen fra Rygge. Etter hjemkomst ble seierne markert i en høytidelig seremoni på Rygge flystasjon, skvadronens personell ble overrakt trofeer som beviste skvadronens seier i den internasjonale skytekonkurransen av sjefen for operasjonsstabben i LKS oberst M. Gran. Mens selve premieseremonien ble avholdt i en av skvadronenes hangarer, var det duket for en høytidelig middag i befalsmessen på flystasjonen senere på



Arne feirer 336 skvadronens seire i den internasjonale skytekonkurransen Aim High

dagen. Det tok deretter ikke lang tid før 336 skvadron nærmest fikk rollen som rikskjendis. På denne tiden var NRK det eneste alternativet for dem som ønsket å sette seg ned foran fjernsynsapparatet. Det som gikk på NRK ble dermed sett av mange og ofte snakket om påfølgende dag i det ganske land. Man kan dermed regne med det var mange som fikk et lite innblikk i hverdagsslivet på Rygge Hovedflystasjon og aktiviteten til flyplassens skvadroner da NRK sendte programmet *Med ørneblikk over Norge* kvelden 20. november 1963.

Sentralt i programmet sto et simulert angrepstokt mot en fiendtlig styrke som rykker frem i nærheten av Holmenkollen i Oslo. Etter at en Republic RF-84F Thunderflash tok av fra Rygge for å identifisere fienden, ble det opp til 336 skvadron å uskadeliggjøre denne. Med dette som bakteppe tok tre F-86F av fra Rygge, ført av skvadronssjef Thorvaldsen, flankert av løytntn Vik og kaptein Mossing. I forkant av dette stundet møter vi skvadronens flygere i deres oppholdsrom hvor vi gjennom reporterens intervju får et innblikk i deres arbeidshverdag. For spesielt interesserte kan vi nevne at programmet ligger tilgjengelig på NRK nett-tv.

FØRSTE NORDMANN I NORTHROP F-5 FREEDOM FIGHTER

I det kalenderen viste 1963, var det kun 336 og 338 skvadron som fremdeles var oppsatt med den aldrende F-86F. Ettersom det på denne tiden til stadighet ble oppdaget sprekkdannelser i flyene, ble flere og flere fly satt på bakken. På starten av 1960-tallet begynte Luftforsvaret derfor å se seg om etter en arvtaker for F-86F, som også kunne erstatte dets mer avanserte

storebror F-86K. Dette ble funnet i den helt nye jetjageren Northrop F-5 Freedom Fighter som på denne tiden var under utvikling i USA som et kostnadseffektivt og forholdsvis enkelt og robust jetjagerfly tiltenkt USAs NATO-allierte i Vest-Europa. Den første virkelige prototypen, som i realiteten var en videreutvikling av det allerede eksisterende treningsflyet Northrop T-38 Talon, fløy første gang 31. juli 1963. Allerede februar påfølgende år ble det besluttet at Luftforsvaret skulle motta 64 fly gjennom det amerikanske våpenhjelpprogrammet. Senere kjøpte Norge flere F-5. Forutsætningen var at enkelte modifikasjoner ble utført for å tilpasse maskinen norske forhold. Med dette ble Norge den første operative brukeren av flytypen. Det var derfor neppe noen tilfeldighet at det første stoppestedet til det nye jagerflyet som var på Europaturne sommeren 1964 var Norge og Rygge.

Tirsdag 23. juni 1964 landet dermed en Northrop F-5 Freedom Fighter på norsk og europeisk jord for første aller første gang. Flyet ble ført av to testflygere fra Northrop-fabrikken. Ettersom flyets europabesøk best kan betegnes som en markedsføringstur, var det naturlig nok en B-utgave som ble benyttet. Dette innebar at flyet hadde to seter fremfor A-utgaven som var standardutgaven. Med dette fikk en rekke høystående offiserer og erfarne flygere sin første flytur med den nye flytypen Norge snart selv skulle ta i bruk. Først ut var Arne som dermed ble den aller første nordmannen til å få seg en tur med flytypen hvor han attpå til passerte lydmuren!

To år senere ble 336 skvadron den aller første

kampskvadronen til å ta i bruk flytypen. 26. april 1966 landet de elleve første F-5'erne som skulle tas i bruk av skvadronen på norsk jord. På vei fra sin mellomlanding på Grønland til Rygge måtte flyene også mellemlanding på Sola, som ble flyenes aller første møte med norsk jord. På denne tiden hadde Arne forlatt 336 skvadron til fordel for jobben som sjef for operasjonsavdelingen på Sola Hovedflystasjon, men før den tid skulle han rekke å feire skvadronenes 15-årsjubileum.

SJEF FOR OPERASJONSAVDELINGEN PÅ SOLA

Etter lengre tids fravær var Arne tilbake på Sola i 1965 som sjef for operasjonsavdelingen på flystasjonen. De kommende årene fikk han ansvaret for organiseringen av en rekke store internasjonale øvelser. Deriblant gjennomføringen av skytekonkurransen Bulls Eye 67 i slutten av juni 1967, en konkurranse han som kjent selv hadde vunnet både individuelt og på lagbasis en rekke ganger tidligere. Dette året deltok både Danmark og Vest-Tyskland med tre lag hver, mens Norge deltok med to lag. Danskene benyttet F-100D Super Sabre, nordmennene benyttet F-5 Freedom Fighter, og tyskerne benyttet F-104 Starfighter og Fiat G-91. Som vanlig bestod hvert lag av fire fly og fire flygere, samt en av hver i reserve. Med dette betyddе årets Bulls Eye på Sola at basen fikk besøk av omkring 40 fly og 400 mann fra de deltagende lagene.

En annen større øvelse Arne hadde ansvaret for å organisere gjennom sin tid som sjef for operasjonsavdelingen på flystasjonen, var fotokonkurransen Big Click 72 i regi av NATOs Nordkommando på Kolsås sen-



Her får Arne gratulasjon like etter at han har landet som første nordmann noensinne med flyet F-5.

sommeren 1972. I forkant av øvelsen hadde dens arrangementskomiteer under Arnes ledelse jobbet mer eller mindre daglig med planleggingen gjennom et halvt år.

Som så mange andre militærøvelser, både nasjonale og internasjonale, var Big Click en fast øvelse som ble avholdt regelmessig. Den første øvelsen i Big Click-serien ble holdt i september 1965. Gjennom resten av 1960-tallet, foruten 1966, ble øvelsen holdt på årlig basis som en såkalt flerbaseøvelse, hvorpå de deltagende skvadronene opererte ut i fra sin faste hjembase. En felles konkurransestandard og stor grad av sentralisert styring hva gjaldt utvelgelse av mål, samt nøytrale stridsdommere på de deltagende basene, førte til at skvadronene så langt det lot seg gjøre kunne konkurrere på lik linje. Ettersom denne øvelses- og konkurranseformen ikke tillot de ulike skvadronene utveksling av erfaringer og tilstrekkelig samtrening, ble det besluttet at Big Click fra 1970 skulle gjennomføres med utgangspunkt i en enkelt base, som var Aalborg flystasjon i Danmark dette året. Samme år ble det bestemt at Big Click skulle avholdes annethvert år. Den samme beslutningen ble tatt for skyteøvelsen Bulls Eye. Som Big Click var også dette en NATO-øvelse som i det store og hele ble utført etter de samme prinsipper og retningslinjer som Big Click, om vi ser bort fra at fotorekognoseringssjagerne var byttet ut med tungt bevæpnede jagerbomberfly. Fra og med 1970 ble Big Click holdt i partallsår, mens Bulls Eye ble holdt i oddetallsår.

18. august braket det løst på Sola da fem fotoskvadroner fra like mange NATO-land var samlet for å

konkurrere om å ta de beste bildene, samt oppdagé og identifisere flest mulige mål gjennom den drøye uken øvelsen pågikk. Fra Norge deltok 717 skvadron med sine Republic RF-84F Thunderflash fra Rygge, fra Danmark kom 729 Eskadrill med sine RF-35 Draken fra Karup, Vest-Tyskland var representert med F-104G Starfighter fra Marinefliegergeschwader 2 fra Eggebek Naval Air Station, USA var representert med RF-4C Phantom II tilhørende 26th Tactical reconnaissance Wing på Ramstein AFB i Vest-Tyskland, mens Storbritannia var representert med McDonnell Douglas Phantom FGR2 fra No. 2. RAF squadron stasjonert på RAF Laarbruch i Vest-Tyskland. Som i tidligere fotokonkurranser Arne hadde deltatt i, fulgte også Big Click det innarbeidede øvelsesopplegget der hver skvadron hadde fire fly og fire flygere, samt en av hver i reserve. Med alle disse flyene og de mange toktene de skulle gjennomføre, ble det 60 – 70 flygninger fra basen hver dag. Gjennom den drøye uken øvelsen pågikk, nærmest man seg aktiviteten som hadde funnet sted på midten av 1950-tallet. Da øvelsen ble rundet av 28. august, kunne man konstatere at den britiske 2. skvadron fra RAF hadde gått til topps og vunnet det gjeve Big Click trofeet for andre gang på rad. Kort fortalt var denne skvadronen best i alt. Skvadronssjef Sady Wilson og løytnant Derrich Andrews fra den britiske skvadronen fikk en delt første plass i den individuelle konkurransen. Skvadronen hadde dessuten det beste fototydelaget og det beste fotolaboratoriet. Amerikanerne stakk på sin side av sted med andre plassen i sammendraget.

Arne gjennomførte siden stabsskole, ble gruppe-



Far og sønn i F-16. 1984.

sjef på Bardufoss og var med på NATOs Tac Eval team før han de siste årene av sin aktive tjeneste var ved Forsvarskommando Sør-Norge ved Jåttanuten. Som 53 åring skapte Arne Thorvaldsen og hans sønn med samme navn nok en gang historie da de 20. januar 1984 tok til værs sammen i en F-16. Selv om dette ikke var første gang far og sønn flyg sammen, var det siste gang en far og en sønn som hadde vært aktive ved samme skvadron tok til værs i et jetjagerfly fra skvadronen de begge hadde flydd i. Episoden ble godt dokumentert gjennom et omfattende avisoppslag i Stavanger Aftenblad 21. januar 1984.

NOTER

¹ Våpenhjelpeprogrammet ble etablert i kjølvannet opprettelsen av den vestlige forsvarsalliansen NATO våren 1949

² Sluttet orden er begrepet det norske Forsvaret bruker på oppstilling og samtidig forflytning av mannskap. Mannskapet står oppstilt på geledd med faste mellomrom. Hensikten med sluttet orden å lære hvordan man skal opptre korrekt når man bærer uniform og fungerer som militær vakt i tillegg til å bidra til utvikle: Årvåkenhet og reaksjonsevne etter som alle bevegelser skal skje fullstendig synkront for alle som står oppstilt, presisjon og nøyaktig utførelse av ordre, en stram og god fysisk holdning, samt følelse av fellesskap og bidra til å styrke samholdet i avdelingen gjennom at alle handler som en enkelt organisme

³ Soldalen betegner avslutningen på ørkenplatået som ligger mellom Sierra Nevadas forrevne tinder i vest og Rocky Mountains ruvende fjellmasser i øst. Dalen selv ligger på 500 meters høyde, mens fjellene på begge sider går opp i 3000 meters høyde

⁴ Vingen er et jakkeemblem som bæres av de som har fullført flygerutdanningen som et godt synlig bevis på at de er flygere

Otte Skilling.

No.

M W.

Hvoraf én af disse betales i Kdlr.
Værtio Dansk Courant.

Gaarden Aarstad i Klep Sdan
ved Stavanger 1810.

Åtte-skillingen

En numismatisk godbit

MÅLFRID GRIMSTVEDT

Sist vinter utfordra Norsk Oljemuseum sine kollegamuseer til å henta fram ein gjenstand frå samlingane og presentera denne. Eg har i mange år hatt tittel som sjefskonservator på Jærmuseet. Sjefskonservatoren skal vurdera kva som skal inn i samlingane, men like mykje skal eg svara for det som er inne. Veit eg kva me har? Kva historier kvart enkelt objekt har å fortelja?

Jærmuseet rapporterte ved siste årskifte til Norsk Kulturråd at me hadde 49 338 gjenstandar. Me snakkar ofte om dei store tinga, som traktorar og fly, og me har mange små – som koppar og tallerkar frå Gravaren og Figgjo. Nå skulle eg velja ein gjenstand – stor eller liten. Val av gjenstand er avgjerande for kva historie me kan, og vil, fortelja. Nå har historia om Jærmuseet sin gjenstand fått plass i årboka. Det er ei forteljing om gjenstanden sin plass i eit skiftande museumslandskap gjennom tiåra.

Eigar/forvaltar	Privat eige				Museumseige / forvalting:						
	Varhaug bygde- museum	Hå bygde- museum	Jær- museet								
Fysisk plassering											
Analog registrering											
Digital registrering											
Tidslinje	1810				1950	1960	1970	1980	1990	2000	2010

Reint skjematisk kan historia sjå slik ut: Øverste linje viser levetida for den fysiske gjenstanden og kven som er ansvarleg for at han blir tatt vare på. Tidslina startar i 1810. Fysisk plassering: Me veit ingenting før på 1950-talet, men fargane vidare betyr at seddelen har blitt flytta. Analog registrering: Pengeseddelen kom i gode hender – til eit bygdemuseum som ført register over museumssamlinga – på papir frå 1960. Digital registrering – Seddelen kom inn i eit digitalt register alt rundt 1990, rett nok utan digitalt fotografi. Det er ny farge rundt 2010. Det betyr ny digital database. Illustrasjon: Målfrid Grimstvedt, *Jærmuseet.

VIKTIGE OPPLYSNINGAR OM OBJEKTET

Finn Sandberg på Norsk Oljemuseum oppfordra oss til å finna ulike vinklingar når me fortel historia om vår gjenstand, så min gjenstand blei valt ut frå følgjande kriterier:

- Blant museets eldste
- Blant dei gjenstandane våre som har vore lengst tid i museumseige
- Høyrer til i samlinga til Hå bygdemuseum, som Jærmuseet forvaltar
- Ligg ute på Digitalt museum
- Er blitt gjenkjent på Digitalt museum – og etterspurt

Han er valt **blant museets eldste** – og det frå eit museum som legg vekt på samtidshistoria og nyare tid. Han er også blant dei gjenstandane som har lengst «fartstid» i vårt museum. I ein større samanheng er det ikkje så lenge, for ingen av musea på Jæren har enno passert det første hundreåret.

Det var numismatikarar, dei som samlar på mynt og pengesedlar, som fann Åtte-skillingen på Digitalt museum. Dei omtalar denne vesle papirbiten på 6,5 cm x 7,5 cm som ein numismatisk godbit. Det kom som ei overrasking på oss. Me var ikkje klar over at museet hadde ein slik godbit. Eg skal komma tilbake til den historia – om kva plass pengeseddelen har i

mynthistoria. Koss kan det ha seg at bonden på Orstad laga eigne åtte-skillingar i 1810?

Men dette er først og fremst historia om **gjenstanden i museet**. Det er ei historie som eg reknar med er relevant for fleire enn oss på Jærmuseet. For pengeseddelen har vore vitne til eit museumsnorge i forvandling – gjennom dei siste 60 åra.

FØR HÅ BLEI HÅ KOMMUNE. DEI FØRSTE LOKALMUSEA I HÅ

Museumshistoria til åtte-skillingen startar i det som i dag er Hå kommune. Fram til 1965 var det her tre kommunar: Nærø, Varhaug og Ogna. I desse kommunane blei det starta museumsarbeid tidleg på 1950-talet.

I 1955 vart det i Varhaug oppnemnd ei kulturminnenemnd for å ta seg av gamle ting i bygda og arbeida for med tida å få eit bygdemuseum. Dei arbeidde aktivt med å samla inn gjenstandar. Ei kort tid heldt dei til i eit gamalt skulehus på Odland. I protokollen står det at Varhaug Bygdemuseum vart opna og overlevert til Varhaug kommune 4. desember 1959. I 1960 var det registrert 1120 gjenstandar. Dei meinte då at det meste av gamle ting i bygda var samla inn. Vårt objekt – åtte-skillingen – finn me i denne museumskatalogen som nummer 46. Pengeseddelen er gavé frå Margit Lea Risa.

Men dette var ikkje det første museumstiltaket i det som i dag er Hå kommune. Nærø var først ute. Emelankton Aadnesen stod i spissen for arbeidet i Nærø Bygdemuseum. Dei prøvde å få hand om husa på bruksnummer 1 "Gamlegarden" på Grødalstrand heilt

- 6 -

- Nr. 44. Teskei av sòlv med bokstavane: T.T.S.N.
- Tore Tore Sønn Njå. f. 1829.
- Gave frå Johan Arnt Odland -
45. Dansk-norske og svensk-norske mynter (1812-1898).
Frå kista åt "den skjortelausen" tård mynt truleg frå 1700 talet.
- Gave frå Johan Arnt Odland, Sverre M. Aniksdal, Kirstine Skrettingland, Jonas Lea -
46. Otte Skilling papirsete 1810.
- Gave frå Margit Lea Risa -
47. Skattesetel for John Anderson Lea, frå 1876.
- Gave frå Jonas Lea -
48. 11 nyare amerikanske mynter 1918-55, heimförde av norsk-amerikanarar.
- Gave frå Johan Arnt Odland, Mikkel M. Håland -
49. "Den Norske Rigstidende." Torsdag den 15. marts 1849 No. 72.
- Gave frå Elisabeth Reiestad -
50. Småting: 5 penneskift, 1 skruverblyant, 1 pennekniiv, 2 rakeknivar, 2 lommeknivar, 1 slirekniv, 1 lita sag, 1 lite skruejern, knappar, 1 hengelås, 1 nykel, 1 taskelås, pengepung, 3 store spenner, bevertann frå U.S.A.
- Gave frå Johan Arnt Odland -

Den eldste museumsregistreringa av åtte-skillingen.
Katalog over Varhaug Bygdemuseum si samling i 1960.
Foto: Målfrid Grimstvedt, *Jærmuseet.

sør i Nærø. Her budde det ikkje lenger folk. Men prisn på bygningane var for høg for kommunen. Det



Det nye kommunehuset på Varhaug frå 1961 ligg i venstre kant av fotoet. Her fekk museumsamlinga plass i kjellaren.

Foto: Widerøe *Hå kommune.

enda med at Rogaland Folkemuseum kjøpte anlegget. Nærø kommune bidrog med eit mindre beløp. Rogaland Folkemuseum var starta på 1930-talet. Det var først og fremst eit bygningsmuseum, som fekk hand om hus i Ryfylke og på Jæren. Museet sette husa i stand og i 1952 vart Grødalastunet innvia.

Nærø Bygdemuseumslag ville også ha hus til å samla gjenstandar i. Dei arbeidde vidare og kjøpte i 1954 eit hus på Obrestad. Etter få år fann dei ut at det vart for mykje med to bygdetun i Nærø. I 1958 vart huset på Obrestad sold til riving. Museumssamlinga var då på om lag tusen gjenstandar. Dei blei flytta til Roga-

land Folkemuseum sitt museumshus på Grødal land. På slutten av 1950-talet vart bruksnummer 2 på Grødal land seld til Nærø skogplantingslag og i 1960 fekk Rogaland folkemuseum overta desse bygningane og.

Nå var det bygdemuseum med kvar si samling i Varhaug og Nærø.

I 1961 hadde dei bygd nytt kommunehus i Varhaug. Her fekk museumssamlinga utstillingsplass i kjellaren i tre rom.

Etter kommunesamanslåinga i 1964 skifta Varhaug kulturminnenemnd namn til Hå og vart utvida med folk frå Nærø og Ogna. Året etter vart namnet på bygdemuseet endra frå Varhaug til Hå bygdemuseum. Innsamlinga av gamle ting fortsette. Museet fekk hand om "Løge-løa" på Vigrestad. Der vart det samla reiskap av ymse slag frå jordbrukskulturen. I 1977 opna sjøredningsmuseet i Varden, Sirevåg. Hå kommune bygde eit nytt museumsbygg for å ta vare på redningsbåten «Tryg» og utstyr frå redningsstasjonane. Alt dette var basert på frivillig arbeid.

MUSEET FÅR LØNNA MEDARBEIDARAR

1970-talet fekk me ei nasjonal satsing for å støtta opp under det frivillige museumsarbeidet. Det gjekk politikk i å satsa på desentralisert museumsvesen. Me fekk tilskotsordninga for halvoffentlege museer. Den første til at mange museum fekk sine første lønna medarbeiarar. Denne utviklinga førte til ein ny museumsstruktur i Rogaland.

Fylkeskommunen engasjerte seg i organiseringa av museumstellet. Det same gjorde politikarane. Ryfylke og Jæren ønska å få eigne regionmuseum. Rogaland

Folkemuseum si samling av bygningar stod på rot, dvs. dei blei verna på staden dei var bygde. Det var i Ryfylke og på Jæren. Nå blei denne samlinga delt i to: I Ryfylke blei bygningane grunnstammen i Ryfylkemuseet. Husa på Jæren låg alle i Hå kommune. Det var Grødalands-tunet, ei smie på Motland og kvernhus og naust på Nord-Varhaug. Desse bygningane vart ført over til Hå kommune i 1983, som la dei til Hå bygdemuseum.

Drifta av bygdemuseet hadde stort sett vore basert på frivillig engasjement saman med dei oppnemnde kulturminnenemndene. Med tilveksten på 11 hus med innbu kunne ein ikkje lenger basera alt på frivillig museumsarbeid. I 1983 vart formannen i kulturminnenemnda, Sverre Kvadsheim, lønna i $\frac{1}{4}$ stilling og frå 1984 i $\frac{1}{2}$ stilling av kommunen.

Gjennom åra hadde det blitt bygd opp ei fin samling av gjenstandar i Hå Bygdemuseum. Gjennom tilskotsordninga for museer fekk bygdemuseet midler frå kommune, fylke og stat til m.a. registreringsarbeid. Aud Kari Kvalbein og Ingeborg Nærland Skjærpe blei dei som i fleire tiår framover tok hand om både bygningar og museumssamlinga elles. Og det gjorde dei grundig og godt – ut frå dei rammene dei fekk, dvs. ein liten stillingsprosent.

Arbeidsplass for personale og magasin for dei mindre gjenstandane blei flytta litt rundt. Frå det gamle kommunehuset på Ogna til loftet på Vigrestad helsecenter, vidare til Vigrestad ungdomsskule, det gamle skulehuset på Voll. Hå bygdemuseum var aktive med å samla inn fleire gjenstandar og å stilla dei ut i samband med ulike arrangement rundt i bygdene.

Frå 1995 fekk bygdamuseet permanent tilhald med

1



3



1. Ingeborg Nærland Skjærpe forvalta og formidla historia i Hå i fleire tiår.
Foto: Jærmuseet.
2. Hå Bygdemuseum deltok med små utstillingar på mange tilskipingar. Her er det på Jærmessa i 2004.
*Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, *Jærmuseet.*
3. I 1995 opna Jærmuseet første byggetrinn av museet på Nærø og Hå bygdemuseum flytta inn med kontor, magasin og utstilling.
*Foto: Målfrid Grimstvedt, * Jærmuseet.*
4. Aud Kvalbein delte arbeidet med Ingeborg Nærland Skjærpe.
Foto: Jærmuseet.

GLIMT FRÅ FØR I TIÅ

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe

kontor og magasin på Jærmuseet, Vitengarden. I tillegg har ein nytt fleire løer til oppbevaring av jordbruksreiskap og andre større gjenstandar.

Å HALDA ORDEN PÅ GJENSTANDAR - MUSEUMSREGISTRERING

Den første museumskatalogen til Varhaug bygdemuseum frå 1950-talet blei frå 1983 erstatta av register på katalogkort. Det var studentar frå universitetet i Oslo, Institutt for folkelivsgransking, som fekk sommarjobb med museumsregistrering på bygdemusea i Dalane og på Jæren i fleire år. Dei var på Hå bygdemuseum i 1983 -84. Dei registrerte gjenstandar på fortrykte gjenstandskort, utfylt med skrivemaskin. I tillegg blei kvar gjenstand fotografert på analog, svart-kvit film. Kvart registreringskort blei laga i to eksemplar, to like seriar.

Då er det på tide å venda tilbake til vår gjenstand – åtte-skillingen. Frå Varhaug Bygdemuseums katalog i 1960 får me i 1984 ei ny registrering – på trykte registreringskort. Her les me m.a.



Hå Bygdemuseum har ei samling på nær 6 000 museums-registreringar på papir. Den første databasen var utan digitale foto. Då blei opplysningane skrivne ut på papir og lagt i kortkatalogen. Foto: Jærmuseet

Papir, sort trykk, håndskrevet blekk. Åtte skilling, papirseddel fra 1810. Gotiske, trykte bokstaver: I utstilling vedlagt en papplate hvor seddelens innhold er skrevet på maskin - papplaten også nummerert 46.

Sjølv registreringa blei gjort av signaturen C. Stang i juli 1984, men fotografiet er frå 6.11.1984. Då var det Aud Kari Kvalbein og Ingeborg Nærland Skjærpe som fotograferte. Dei førte vidare arbeidet som studentane hadde begynt.

MUSEUMSREGISTRERING – I DIGITAL DATABASE FRÅ 1990

Aud Kari og Ingeborg gjekk over til digital registrering frå omlag 1990. Det var Jærmuseet som la til rette for denne registreringa. Det nye regionmuseet dreiv fagleg rettleiing, og kunne også ta ansvar for programvare og sikringskopier av databasen. Registreringa blei gjort i programmet Cardbox. Her var det ikkje muleg å legga på digitale foto. Men det er plass for å notera kor gjenstanden er oppbevart. åtte-skillingen er utstilt i rom 2 på Hå rådhus.

Ved tusenårsskiftet kom det nye statlege føringar for tilskota til musea. Nå blei det ønskjeleg å laga større museer, basert på geografi. Me fekk den store museumskonsolideringa, samanslåing av små og større museumseiningar til fagleg sterkare regionmuseer. Dei fekk konsekvenser for åtte-skillingen vår. Jærmuseet var tidleg ute i omlegginga av den norske museumsstrukturen. Fram til denne tid hadde Jærmuseet drive fagleg rettleiing og samarbeid med lokalmusea om enkeltprosjekt. Nå var det aktuelt at museet skulle

overta forvaltninga av lokalmusea. Av Jærmuseet sine sju stiftarkommunar var det kommunane Sandnes og Hå som var raskast på banen.

I mai 2002 overtok Jærmuseet drifta av Hå Bygdemuseum. Det omfatta også at museet overtok som arbeidsgjevar for dei som hadde vore kommunalt tilsette i Hå bygdemuseum.

Det var samla inn over 7000 gjenstandar. Om lag 5000 av desse var registrerte på data.

Jærmuseet fekk same år ny stor utstillingshall på Kvia, med studiemagasin og to nye magasinrom.

Då var tida inne for å flytta på gjenstandane i rådhuskjellaren på Varhaug. Den museumsutstillinga var då 40 år gammal. I 2003-2005 blei storparten av gjenstandsamlinga frå rådhuset flytta til Jærmuseet sitt bygg på Kvia. Eit utval av gjenstandane blei presenterte i studiemagasinet i utstillingshallen. Resten fekk plass i magasinet. Åtte-skillingen var blant dei magasinerte objekta.

FRÅ MAGASINET OG UT PÅ INTERNETT - 2010

Åtte-skillingen er del av del fysiske museumssamlinga. Det betyr at han har blir oppbevart blant mange andre fysiske objekt, anten i utstilling eller på magasin. Koss held museet orden på kor ting ligg? Det er notert i den elektroniske databasen. Men ved store flyttingar, som då åtte-skillingen blei flytta frå kommunehuset på Varhaug til magasinet på Nærøbø i 2003 – 2005, så var ikkje oppdatering av magasinplassering noko museet gjorde umiddelbart. Jærmuseet skifta databaseprogram på denne tid. Få år seinare, i 2008, blei opplysningane om

åtte-skillingen flytta frå denne databasen til den neste. Frå dette året er programmet Primus, eit program som er blitt standard for heile museumsnorge. Dette skjede i ei tid med store endringar i databruken i musea.

Fram til denne tid var alt som låg i ein museumsdatabase godt gjøymt innafør museet sine vegger. Men nå var me komne så langt fram i tid at musea kunne opna samlingane sine gjennom databasar på internett. Jærmuseet begynte å publisera på Digitalt museum i 2010. Den første publiseringa var ofte ei formidling av det som stod på papirkarta. Me skreiv av registreringskarta utan å sjå gjenstanden. Dei analoge fotografiya frå fotokarta blei digitalisert. Åtte-skillingen er blant dei første objekta som blir publisert på denne måten.

Det skjer ingenting meir med åtte-skillingen før i 2017.

Fra:	Oddmund Fuglestad <oddmundf@online.no>
Sendt:	29. november 2017 06:47
Til:	Målfrid Grimstvedt
Kopi:	Tore Nordvik
Emne:	Fwd: Numismatisk godbit fra Klepp
Vedlegg:	JÆHA0046.png
Oppfølgningsflagg:	Follow Up
Forfaller:	29. november 2017 15:40
Status for flagg:	Flagget
Hei Målfrid.	
Jeg vet ikke om du er nette vedkommende, men hvis ikke høper jeg du kan vide/refermnde henvendelsen til den som i så fall skal ha den. Det gjelder en privatseddel fra Klepp som vi oppdaget det lå bilde av på nettet. Denne seddelen har fram til nå vært helt ukjent i det numismatiske miljøet i Norge, og har så vidt vi har klart å bringe på det rene heller aldri vært omtalt i den numismatiske litteratur. Vi ønsker derfor å få anledning til å se seddelen og studere den nærmere bl.a. med hensyn på papirkvalitet og sitatasje, samt å ta noen egne bilder av den. Det er også svært interessant om dere kan supplere med utfyllende bakgrunnsinformasjon angående innlevering av seddelen, hvilket bruk på Ørstad som har anvendt den osv.	
Tror du den kunne la seg ordne?	
Med vennlig hilsen for Stavanger og Rogaland Myntklubb	
Oddmund Fuglestad og Tore Nordvik http://www.rogaland-myntklubb.com/	

Eposten til Jærmuseet sin sjefskonservator som sette igang denne saka.



Bilda er frå den store flyttinga og revisjonen av vårt Tre- og metallmagasin i 2014. Her oppbevarer me mindre gjenstander. Til venstre er alt flytta ut i midlertidig lokale, til høgre ser me resultatet i nye hyller. Foto: Jærmuseet

2017 : JÆRMUSEET FÅR EIN E-POST

Hausten 2017 fekk eg ein epost. Nå vakna plutseleg denne papirbiten som er åtte-skillingen til live. Blant dei 2,4 millionar foto og gjenstandar på Digitalt museum var det nokre ute i verda som hadde funne fram til opplysningane om åtte-skillingen. Dei ønska å sjå han «i levande live».

Me måtte finna han fram frå magasinet.

Då er første steget å sjekka databasen. Kor er han oppbevart? Dei opplysningane var ikkje til stor hjelp. Her står det at han var i Hå rådhus. Men me veit jo at han blei flytta derifrå i 2003!


FRÅ KAOS TIL ORDEN

Kva har skjedd med åtte-skillingen på Jærmuseet si avdeling på Nærø, Vitengarden? Ting blir flytta mellom ulike magasin i eit museum. Åtte-skillingen var

flytta tre gonger frå 2003 til 2017. Hå bygdemuseum si samling teller ikkje lenger 1000 gjenstander som i 1960. Innsamlinga til bygdemuseet stoppa i 2002 då Jærmuseet overtok forvaltninga. I dag har me registrert 7500 gjenstander i Hå bygdemuseum. Ein del av dette står i utstillingar, resten er i ulike magasin.

I 2014-2015 foretok me ein stor revisjon av museumsamlinga til Hå bygdemuseum og Jærmuseet. Me tømte eitt magasin for å innreia det med nye reolar. Alle gjenstandar blei revidert, dvs. reingjort, fotograferte, opplysningane om dei blei lagt inn eller sjekka i databasen før dei blei pakka og lagt på nye hyller. Nå har desse gjenstandane strekkode og hylleplassering i databasen. Me har flytta tilbake 6000 gjenstander.

Åtte-skillingen er ikkje blant desse. Det er ikkje noko alarmerande i det. For me har ikkje kome til en-



Tore Nordvik med seddelen og Ommund Fuglestad på Vitenfabrikken.

Foto: Målfrid Grimstvedt, *Jærmuseet.

des med revisjonen. Me hadde fortsatt 20 kassar med små gjenstander som ikkje har vore gjennom revisjonen og derfor heller ikkje fått magasinpllassering.

Var åtte-skillingen her?

Det tar tid å undersøka det publikum spør om. Kor mykje tid skal me bruka? Å leita systematisk gjennom 20 kassar tar lett ein heil dag, dersom me får arbeida utan avbrot. Ikkje urimeleg lang tid, men vanskeleg å få til for oss som går her til dagleg. Me fridde til ein av museets frivillige. Han hadde tid og ro til å sitta ein dag med slikt arbeid.

Han gjorde jobben – men fann ikkje åtte-skillingen i dei 20 kassane.

Men det var nok ein plass å leita.

Under magasinrevisjonen blei papirobjekt plukka

ut og lagt til sides i kassar for seinare registrering. Arkivaren vurderte dette som privatarkivmateriale. Dette vart gjort då me førebudde den store magasinrevisjonen i 2014. Men Jærmuseet har meir enn 250 privatarkiv og ein arkivar som i tillegg har ulike andre oppgåver også. Så arkiva til Hå bygdemuseum låg framleis uordna. Fint for vår mann som kunne bla seg systematisk gjennom kasse 21 og 22.

I den siste kassen låg åtte-skillingen!!

MUSEET KUNNE GJE TORE NORDVIK OG OMMUND FUGLESTAD SVAR

Nå kunne eg gje numismatikarane eit positivt svar! Dei fekk nytt foto av skillingen tidleg i hausten 2018 – og i januar 2019 var dei på Vitenfabrikken for å sjå seddelen.

Det var ein begivenhet som måtte forevigast på foto. Det var Tore Nordvik og Ommund Fuglestad som fann åtte-skillingen på Digitalt museum og ba om å få sjå han.

Nordvik er den som jaktar på alle privatsedlar frå perioden 1804 – 1824 i landet. Han har registrert omlag 80 stykker. Men dette er den første han har funne i Rogaland. Den har aldri vore publisert i numismatisk litteratur, så difor smiler dei så blidt på bildet. Dette er ein numismatisk godbit!

Dei er i ferd med å nøsta opp historia frå Morten Wellesen i 1810 til Margit Lea Risa som på 1950-talet ga seddelen til Varhaug Bygdemuseum.

PRIVATSEDLER I NORGE 1804 - 1824

INNSKRIFTA:

Otte skilling

NO. M W

For tolv af disse betales 1 Rdlr

Banco Dansk Courant.

Gaarden Aarstad i Klep Sogn

Ved Stavanger 1810

For meg var temaet privatsedlar på 1800-talet heilt nytt, men me kjenner det jo frå siste krig, som nødpengar utstedt av kommunar, industribedrifter og private firma.

Det første tiåret av 1800-talet var det krisetider og krig i Norge i slutten av dansketida. Den Kongelege Mynt på Kongsberg blei lagt ned i 1806 og det blei mangel på småmynt. Det var mangel på skillemynt i Danmark også. Kongen, Fredrik 6, lanserte sit eige forslag til løysing.

Det var ein riksdalarseddel i omløp. Den kunne skjerast i fire og få verdien 24 skilling. Det forslaget blei ikkje fulgt. Staten trykte opp småsedlar, men bare til bruk i Danmark. I 1810 kom det krav frå Norge også om småsedlar. Men i begge land blei det trykt for få småsedlar, så i tillegg var det mange private som utga sedlar. Det var ein forordning frå 1804 som tillot slike private sedlar. Det er kjent norske sedlar alt frå det året. Det ser ikkje ut til at desse sedlane blei autoriserte.

Det var Morten Wellesen på garden Orstad i Klepp som utga «vår» seddel. Me finn Morten omtalt i Birger Lindanger si bygdesoge for Klepp. Morten arva garden frå faren, Velle, i 1788. Han var hard mot husmannen sin, så han har nok vore ein mann med sans for eigen økonomi. Han kjøpte seg gard på Lea i Høyland i 1812.

Tore Nordvik er i ferd med å spora opp historien frå Morten Wellesen i 1810 til Margit Lea Risa som gav dette eksemplaret av seddelen i Varhaug Bygdemuseum 140-150 år seinare. At seddelen finnes i dag betyr at han ikkje blei innløyst i riksdalar, dvs at eigaren lot seddelen bli verdilaus.

Godt for oss – for det har gjort vår historie litt rikare.

Nå kan me bare venta på at åtte-skillingen blir skriven inn i den numismatiske litteraturen – takka vere Varhaug Bygdemuseum – Hå bygdemuseum – Jærmuseet og Digitalt museum.

For meg har dette blitt ei påminning om at det me ikkje ser verdien av, kan publikum blåsa liv i – dersom dei får tilgang til det.

Og dei finn det – trass i at det ligg gøymt blant 2,4 millionar ulike objekt på Digitalt museum.

Forfattaromtalar

Madli Hjermann: f. 1982 i Nittedal. Mastergrad i arkeologi frå NTNU i Trondheim. Har sidan 2012 arbeidd som fotoarkivar for musea i Rogaland. Har dei siste åra bidrege med artiklar og prosjekt knytt til innsamling av digitale foto til musea. Deltek også i prosjekt om etiske retningslinjer for arbeid med foto i musea i Noreg.

Otto Laurits Fuglestad: f. 1939, frå Brusand. Dr. philos. og professor emeritus i pedagogikk ved Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger. Har skrive ei rekke fagbøker og artiklar om blant anna kommunikasjon i klasseromet, leiing i skulen og om kvalitativ forskingsmetode (feltarbeid). Han har også skrive jubileumsboka *Hundreåring på stigande kurs – Brusand handelslag 1915 – 2015*, og publisert artiklar om lokalhistorie i Jærbladet.

Even Smith Wergeland: f. 1981, frå Bryne. Mastergrad i kunsthistorie ved Universitetet i Bergen og doktorgrad

frå Arkitektur- og Designhøgskulen i Oslo, der han no er førsteamanuensis. Wergeland har også arbeidd ved OsloMet og Noregs Miljø- og biovitkskaplege Universitet, samt Byplankontoret i Stavanger og Byantikvaren i Oslo. Han forskar på arkitekturvern, arkitektur- og byplanhistorie, og sportsarkitektur.

Målfrid Grimstvedt: f. 1949, frå Stavanger. Magistergrad i etnologi ved Universitetet i Oslo. Har arbeidd ved Jærmuseet sidan 1987. Prosjektleiar for utviklinga av vitesenterutstillingane på Vitengarden 2001-2005 og for utstillinga *Det ska svara seg* på Vitenfabrikken 2012 – 2013.

Inger Undheim: f. 1975 i Time. Avdelingsdirektør ved Jærmuseet avd. Garborgsenteret sidan 2010. Cand. philol. frå Universitetet i Bergen 2003 i nordisk språk og litteratur med hovudoppgåve om Arne Garborgs *Den burtkomne Faderen*. Var medlem av det faglege rådet for Garborgsenteret 2008–2009 og leiar i Time mållag

2008–2010. Arbeidde som omvisar ved Knudhaeio og Garborgheimen seks somrar frå og med 1995.

Ørjan Zazzera Johansen: f. 1974 i Stavanger. Oppvaksen og busett på Bryne. Mastergrad i lesevitkskap frå Universitetet i Stavanger 2010, forfattarutdanning frå Skrivekunstakademiet i Hordaland og Litterær gestaltning ved Göteborgs universitet. Har skrive tre bøker, sist *Kong Nors land*, roman om slaget i Hafrsfjord, 2018. Formidlar og informasjonsansvarleg ved Garborgsenteret sidan 2011.

Sondre B. Hvam: f. 1985, frå Nordmøre. Mastergrad i historie frå NTNU i Trondheim frå 2010. Tilsett som fagkonsulent og historikar i Jærmuseet for avdelinga Flyhistorisk Museum Sola sidan våren 2012.

Inger Smidt Olsen: f. 1953 i Bergen. Magistergrad i etnologi frå Universitetet i Bergen. Har sidan 1997

arbeidd som konservator ved Jærmuseet, fram til 2012 med ansvar for museumsfagleg arbeid ved Flyhistorisk Museum Sola. Har seinare hatt samlings- og dokumentasjonsarbeid knytt til fleire avdelingar i Jærmuseet.

Odd-Geir Rosland: f.1962, frå Bryne. Teknisk tegnar og byggmeister. Har arbeidd som tømrar i over 30 år, dei siste 10 åra som bygningshandverkar ved Jærmuseet. Har ansvaret med å halda ved like museets bygningar, og har mellom anna restaurert store delar av Audamotland.

Per Inge Bø: f. 1971 i Stavanger. Busett på Hundvåg. Hovedfag i historie frå NTNU Trondheim i 2002. Har skrive boka *Frå Dalane til Amerika* og bidrege med fleire historiske artiklar. Prosjektsjef ved Jærmuseet sidan 2017.